Senter for forskning på sivilsamfunn & frivillig sektor

JON KÅRE SKIPLE, IVAR EIMHJELLEN OG DAG-ARNE CHRISTENSEN

# Frivillig innsats og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg

2024:3

# Frivillig innsats og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg

Jon Kåre Skiple, Ivar Eimhjellen og Dag-Arne Christensen

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
Rapport 2024:03

© Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor
Rapport 2024:03

Institutt for samfunnsforskning
Munthes gate 31
Postboks 3233 Elisenberg
0208 Oslo

NORCE Hovedkontor
Nygårdsgaten 112
5008 Bergen

ISBN (digital): 978-82-7763-807-2
ISSN (digital): 1891-2176

www.samfunnsforskning.no/sivilsamfunn

# Innhold


**Sammendrag** 5

**English Summary** 6

**1 Innleiing** 7

Frivillig arbeid og livskvalitet 8

Frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg 10

Forventningar 12

**2 Data, variablar og metode** 16

Mål på opplevd livskvalitet 16

Mål på frivillig arbeid 18

Innvandrarar, landbakgrunn og butid 18

Kontrollvariablar 20

Sosial bakgrunn 20

Sosioøkonomisk status 22

Helse 24

Metode 25

**3 Frivillig arbeid og livskvalitet** 27

Livskvaliteten til innvandrarar 27

Kjenneteikn ved innvandrarar si deltaking i frivillig arbeid 28

Samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet 31

Frivillig arbeid og ulike dimensjonar av livskvalitet 33

Frivillig arbeid og livskvalitet i pandemien 35

Forskjellar mellom innvandrarbefolkninga og befolkninga elles 36

Tid brukt på frivillig arbeid og livskvalitet 37

Oppsummering 39

**4 Frivillig arbeid og livskvalitet blant undergrupper av innvandrarar** 41

Landbakgrunn og butid i Noreg 41

Sosial bakgrunn 43

Sosioøkonomisk status 46

Helse 48

Oppsummering 48

**5 Oppsummering og diskusjon** 50

**Litteratur** **52**

**Appendiks** **56**

Frivillig arbeid og livskvalitetsindeksen 57

Frivillig arbeid og livskvalitetsindeksen i pandemien 59

Frivillig arbeid og livskvalitetsindeksen i innvandrarbefolkninga og i befolkninga elles 61

Tid brukt på frivillig arbeid og livskvalitetsindeksen 63

Tidsbruk kjernefrivillig 65

Frivillig arbeid og nøgd med livet (kognitiv livskvalitet) 67

Frivillig arbeid og meining med livet (eudaimonisk livskvalitet) 69

Frivillig arbeid og gjevande liv (eudaimonisk livskvalitet) 71

Frivillig arbeid og optimisme (eudaimonisk livskvalitet) 73

Frivillig arbeid og meistring (eudaimonisk livskvalitet) 75

Frivillig arbeid og sosiale relasjonar (eudaimonisk livskvalitet) 77

Frivillig arbeid og sosiale bidrag (eudaimonisk livskvalitet) 79

Frivillig arbeid og affektiv livskvalitet 81

Resultat med vekter for 2020 og 2022 83

Samspelsmodellar som komplementerer analysane i kapittel 4 84

# Sammendrag

| | |
|---|---|
| Forfatter | Jon Kåre Skiple, Ivar Eimhjellen og Dag-Arne Christensen |
| Tittel | Frivillig innsats og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg |
| Sammendrag | I denne rapporten har me undersøkt forholdet mellom deltaking i frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg. Ved hjelp av tre rundar av livskvalitetsundersøkinga til SSB (2020, 2021, og 2022) har me analysert tre forskingsspørsmål: 1) Er det ein samanheng mellom indikatorar for livskvalitet og frivillig arbeid blant innvandrarar i Noreg? 2) Er det forskjellar mellom innvandrarar og befolkninga elles når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid? 3) Er det forskjellar mellom ulike innvandrargrupper når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid?<br><br>Når det gjeld koplinga mellom frivillig arbeid og livskvalitet, finn me ein positiv samanheng, som er tilnærma lik blant innvandrarar og befolkninga elles. Innvandrarar som har delteke i frivillig arbeid, skårar noko høgare på livskvalitetsindeksen enn innvandrarar som ikkje har delteke i frivillig arbeid, men samanlikna med betydninga av særleg helse for livskvalitet, er betydninga av frivillig arbeid lita. Auka tidsbruk på frivillig arbeid er heller ikkje knytt til ein tydeleg auke i livskvalitet.<br><br>Når det gjeld forskjellar mellom ulike innvandrargrupper med omsyn til samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid, viser resultata at den positive samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er relativt lik på tvers av ulike sosiale, sosioøkonomiske og helsemessige karakteristikkar i innvandrarbefolkninga. |
| Emneord | Livskvalitet, innvandring, frivillig arbeid, sosial kapital, helse |

# English Summary

| | |
|---|---|
| Author | Jon Kåre Skiple, Ivar Eimhjellen og Dag-Arne Christensen |
| Title | Volunteering and quality of life among immigrants |
| Summary | In this report, we have examined the relationship between participation in voluntary work and quality of life among immigrants in Norway. Analyzing three rounds (2020, 2021, and 2022) of Statistics Norway's Quality of Life Survey, we have investigated the following three research questions: 1) Is there a correlation between indicators for quality of life and voluntary work among immigrants in Norway? 2) Are there differences between immigrants and the general population in relation to quality of life and voluntary work. 3) Are there differences between different immigrant groups in relation to quality of life and voluntary work??<br><br>When it comes to the link between voluntary work and quality of life, we find a positive correlation, which is also roughly the same among immigrants and the general population. Immigrants who have participated in voluntary work score somewhat higher on the Satisfaction with life scale than immigrants who have not participated in voluntary work but compared to the significance of health for quality of life, the impact of voluntary work is small. Increased time spent on voluntary work is also not linked to a clear increase in quality of life.<br><br>When it comes to differences between different immigrant groups in relation to quality of life and voluntary work, the results showed that the positive association between voluntary work and quality of life is similar across different social, socio-economic and health related factors among immigrants. |
| Index terms | Quality of life, immigration, voluntary work, social capital, health |

# 1 Innleiing

I denne rapporten skal me undersøke den subjektive livskvaliteten blant personar som har innvandra til Noreg, og kva samanheng dette har med frivillig arbeid. Livskvalitet blant innbyggarar er blitt eit viktig tema dei siste 10–20 åra, både politisk og innan forskinga, internasjonalt og i Noreg. God livskvalitet blir sett på som ein viktig indikator på kvaliteten ved eit samfunn og ved innbyggarane sitt velvære. Livskvaliteten i Noreg er høg i internasjonal samanlikning, men han er skeivfordelt, og det er grupper som opplever dårleg livskvalitet (Folkehelseinstituttet, 2021; Støren og Rønning, 2021).

Utgangspunktet for analysane våre er at den etniske samansettinga av befolkninga har endra seg drastisk i Europa dei siste tiåra. Det gjeld òg for Noreg. Etter at dei første arbeidsinnvandrarane kom til Noreg på slutten av 1960-talet, har innvandringa vore omfattande (Brochmann & Grødem, 2017). Utvidingane av EU i 2004 og 2007 førte til ein ytterlegare sterk auke i arbeidsinnvandringa, hovudsakleg frå Aust-Europa (Bratsberg, Raaum & Røed, 2014). I 1970 hadde 1,3 prosent av den norske befolkninga utanlandsk opphav (dvs. innvandra sjølv eller fødd av to innvandrarforeldre). I 2023 har andelen stige til 16 prosent, eller nærare 900 000 personar (SSB, 2023). Av desse har mesteparten innvandra sjølv, medan nokon er barn fødde av to innvandrarforeldre.

I forhold til folketalet var Noreg eit av dei største mottakarlanda av asylsøkarar og flyktningar etter flyktningkrisa sommaren og hausten 2015, då over 31 000 asylsøkarar kom til Noreg (NOU 2017: 2, s. 11). Som følge av krigen i Ukraina vart det busett over 30 000 fleire innvandrarar frå Ukraina ved inngangen til 2023 enn året før (Steinkellner, 2023). I 2016 var familiegjenforeining og flukt dei viktigaste innvandringsgrunnane, medan arbeidsinnvandring var den vanlegaste innvandringsgrunnen i fleire år etter utvidingane av EU. Det siste tiåret har innvandringsraten til Noreg vore blant dei høgaste i OECD-området (NOU 2017: 2, s. 28).

Forskjellar i subjektiv livskvalitet mellom innvandrarar og den norske befolkninga som heilskap er tidlegare funne å vere relativt små (Barstad, 2018), då det var like mange i begge gruppene som hadde høg tilfredsheit, men det var ein del fleire blant innvandrarane som hadde låg tilfredsheit. Samtidig er det betydelege forskjellar i opplevd livskvalitet mellom ulike innvandrargrupper, der særleg personar frå Iran, Irak, Tyrkia og Polen har ein dårlegare opplevd livskvalitet enn personar frå Somalia. Låg livskvalitet hos innvandrarar er særleg knytt til det å ha ein partnar som ikkje bur i Noreg, opplevd diskriminering, nedsett funksjonsevne og vanskeleg økonomi, i tillegg til faktorar som einsemd og psykiske plager.

I denne rapporten skal me særleg undersøke samanhengar mellom frivillig innsats og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg. I befolkninga elles viser det

seg at det å utføre frivillig arbeid er positivt korrelert med livskvalitet (Støren og Rønning, 2021, s. 79–80). Spørsmålet er om ein slik samanheng også gjeld for innvandrarbefolkninga. Det finst det mindre kunnskap om i Noreg. Det er derfor interessant å undersøke i kva grad frivillig innsats speler inn på den opplevde livskvaliteten til innvandrarar, om dette er tettare knytt saman for innvandrarar enn for befolkninga elles, og om det er ulike mønster for ulike innvandrargrupper. Denne rapporten undersøker dette. Me vil ikkje kunne påvise kausale samanhengar, men det vil vere nyttig å avdekke eventuelle korrelasjonar mellom desse faktorane. Forskingsspørsmåla våre er som følger:

1. Er det ein samanheng mellom indikatorar for livskvalitet og frivillig arbeid blant innvandrarar i Noreg?
2. Er det forskjellar mellom innvandrarar og befolkninga elles når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid?
3. Er det forskjellar mellom ulike innvandrargrupper når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid?

Me vil svare på desse spørsmåla i kapittel 3 og 4, før me avsluttar rapporten i kapittel 5 med ei oppsummering og ein konklusjon.

## Frivillig arbeid og livskvalitet

Det er vanleg å skilje mellom objektiv og subjektiv livskvalitet. Subjektiv livskvalitet handlar om korleis menneskjer opplever liva sine. Objektiv livskvalitet handlar på si side meir om ytre, faktiske eller objektive kjenneteikn ved livsvilkåra våre og samfunnet, for eksempel gode som fridom, tryggleik, helse og fellesskap (Støren og Rønning, 2021, s. 7). Subjektiv livskvalitet kan vidare delast inn i ulike dimensjonar: kognitiv, eudaimonisk og affektiv livskvalitet (Nes et al., 2018). Kognitiv livskvalitet handlar om kor tilfredse personar er med viktige livsområde og livet generelt. Eudaimonisk livskvalitet handlar om ulike aspekt ved psykologisk funksjon og om realisering av potensialet sitt. Her er oppleving av meining med livet og engasjement særleg viktig. Affektiv livskvalitet handlar om personar har positive eller negative kjensler (Nes et al., 2018, s. 11, referert i Støren og Rønning, 2021, s. 15).

Det er ulike perspektiv på korleis frivillig arbeid kan påverke livskvaliteten til menneske. Eit hovudargument er at deltaking i frivillig arbeid kan vere med å skape og halde ved lag sosiale relasjonar til andre menneske. Fråvær av sosiale relasjonar kan føre til einsemd og depresjon, som igjen kan gjere ein mindre robust i møte med fysisk eller psykisk sjukdom. Frivillig arbeid kan fungere som ein sosial buffer mot einsemd og depresjon (Fladmoe & Folkestad, 2017). Ein del tidlegare forsking har påvist statistiske samanhengar mellom frivillig arbeid, livskvalitet og helse, der dei frivillige har betre helse og livskvalitet enn dei som ikkje er frivillige (Fladmoe & Folkestad, 2017; Finseraas, 2013; Musick & Wilson, 2008; Støren & Rønning, 2021). Samtidig har samanfattande studiar,

der ein samlar kunnskapen frå mange ulike studiar, vist at konkrete helsegevinstar av frivillig arbeid i beste fall er marginale når ein ser på befolkninga som heilskap. Klare generelle effektar på helsa av frivillig arbeid har ein ikkje klart å påvise (Fladmoe & Folkestad, 2017).

Likevel kan deltaking i frivillig arbeid ha gunstige helsegevinstar for enkelte grupper i befolkninga (Fladmoe & Folkestad, 2017). Dette gjeld for eksempel grupper som av ulike grunnar står utanfor arbeidslivet – for eksempel eldre, uføre eller arbeidslause. Den viktigaste forklaringa på dette er at frivillig arbeid kan fungere som eit substitutt for betalt arbeid når det gjeld å skape og halde ved lag sosiale relasjonar. Liknande dynamikk kan me tenke oss kan gjelde for ulike innvandrargrupper også, der sosialisering og etablering av sosiale relasjonar gjennom frivillig arbeid kan ha ekstra stor betydning knytt til det å finne seg til rette i eit nytt land, bli integrert, ha sosial kontakt og redusere sjansen for einsemd og psykiske plager. Engasjement i frivillige organisasjonar kan også vere positivt for den meir generelle sosiale og politiske integreringa i Noreg (Eimhjellen, Espegren & Nærland, 2021). Frivillig arbeid kan for eksempel vere ein god måte for innvandrarar å lære og praktisere norsk språk, bli kjende med det norske samfunnet, med kultur og normer i Noreg, og å få nyttig arbeidserfaring og kunnskap, som igjen kan vere med på å auke livskvaliteten. Samtidig kan engasjement i frivillig arbeid eksponere innvandrarar for negative opplevingar knytte til for eksempel diskriminering og rasisme, som igjen kan redusere den opplevde livskvaliteten.

Desse samanhengane impliserer at det er visse kvalitetar ved frivillig arbeid som gjev seg utslag på den opplevde livskvaliteten til dei frivillige, og kanskje særleg blant innvandrarar. Men kva som faktisk er årsaksretninga mellom frivillig arbeid og livskvalitet, veit me ikkje sikkert (sjå Figur 1). Ein alternativ hypotese er at rekrutteringa til frivillig arbeid er skeivfordelt, der personar med betre livskvalitet i større grad engasjerer seg som frivillige – at høg livskvalitet gjev større rom for å utføre frivillig arbeid.

**Figur 1. Potensielle samanhengar mellom frivillig arbeid og livskvalitet**



Når det kjem til det å faktisk skulle måle eventuelle effektar av frivillig arbeid på livskvalitet, møter ein på fleire metodiske utfordringar. For å avdekke årsakseffektar er randomiserte kontrollerte eksperiment ein gullstandard. Men å designe gode randomiserte kontrollerte eksperiment for å måle frivillig arbeid og livskvalitet er vanskeleg. Når det gjeld observasjonsdata eller surveydata, som ofte er brukte innan frivilligforsking, kan det å ha gode data om dei same personane over lengre tid gjere det mogleg å indikere samanhengar og årsaksretningar. Men ei hovudutfordring med observasjonsdata er å få isolert effekten av frivillig arbeid frå andre faktorar som kan spele inn på livskvalitet, og å få målt akkurat kva slags kjenneteikn frivillig arbeid har som potensielt kan føre til betre livskvalitet. Er det verkeleg ein samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet, eller er det ein kombinasjon av andre forhold som frivillige tilfeldigvis har til felles? Det er berre ved å ta omsyn til andre moglege forklaringar at ein kan trekke truverdige slutningar om betydninga av frivillig arbeid for livskvalitet. Me vil ikkje kunne gjere det i denne rapporten. Det er likevel ikkje tvil om at mange frivillige vil kunne fortelje om personlege gevinstar som livsglede eller betre helse på grunn av frivillig engasjement, men utover enkeltfrivillige sine subjektive opplevingar er det altså vanskeleg å måle dette kvantitativt som generelle effektar på gruppenivå.

I denne rapporten vil me undersøke samanhengar mellom indikatorar for livskvalitet og frivillig arbeid, der me først ser på innvandrarar samla sett og i forhold til befolkninga elles, før me ser på ulike grupper av innvandrarar.

## Frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg

Eit sentralt perspektiv på kva samfunnsfunksjonar frivillig arbeid og frivillige organisasjonar har, handlar om sosial integrasjon, at organisasjonar kan fungere som sosiale møtestader der menneske kan bli integrerte i sosiale fellesskap lokalt, og med det i samfunnet meir generelt. Denne integrasjonen på samfunnsnivå vil også kunne påverke dei individa det gjeld, og korleis dei opplever sin eigen livskvalitet. Innvandrarar kan for eksempel skape seg eit breiare sosialt nettverk og få praktisert det norske språket gjennom å delta i organisasjonar. Slike sosiale møtestader, og den tillits- og nettverksbygginga som kan oppstå der, kan ha ein sosialt integrerande funksjon og fungere som eit «sosialt lim» som er til det beste for både samfunnet og individet.

Eit sentralt omgrep knytt til dette «sosiale limet» er *sosial kapital*. Ifølge Putnam (2000) sin teori om sosial kapital blir det gode samfunnet best skapt nedanfrå og opp, ved at sosiale nettverk, tillit og sivilt engasjement blir utvikla lokalt gjennom ansikt-til-ansikt-kontakt i fritidsbaserte og ikkje-politiske organisasjonar. Frivillige organisasjonar der ein har direkte interaksjon, vil kunne skape samhandling mellom ulike menneske som elles ikkje ville ha møttest, på tvers av kulturell, politisk og verdimessig ståstad. Sosial kapital blir her forstått som tillit, sosiale nettverk og normer for gjensidigheit. I organisasjonar som i størst grad samlar personar med like kjenneteikn, vil deltaking kunne ha ein intern samanbindande funksjon som kan styrke intern

tillit og gruppefellesskap. Dette blir gjerne kalla for *samanbindande sosial kapital*. I organisasjonar som samlar personar med ulike kjenneteikn, kan organisasjonane ha ein overskridande sosial funksjon der dei skaper nettverk og tillit på tvers av ulike personlege kjenneteikn. Dette blir også kalla *brubyggande sosial kapital* (Putnam, 2000). I eit samfunnsperspektiv vil det ofte vere dei meir generelle og overskridande nettverka og organisasjonane som er best eigna til å skape eit heilskapleg samfunnsfellesskap. Internasjonale studiar har for eksempel vist ein negativ samanheng mellom etnisk segregering og tillit (Delhey & Newton, 2005; Uslaner, 2012). Likevel, med eit individretta perspektiv ser me også at meir homogene grupper, som for eksempel minoritetsorganisasjonar, kan ha sentrale funksjonar for utvikling av personleg identitet og etablering av sosiale nettverk for innvandrarar. Slike samanslutningar kan dermed fungere som eit første steg på vegen mot integrering, der ein den første tida i eit nytt land søker seg til grupper med lik bakgrunn for å kunne etablere seg, som igjen kan gje grunnlag for vidare integrering i storsamfunnet.

I et politisk perspektiv på sivilsamfunnsengasjement og frivilligheit har engasjement i frivillige organisasjonar viktige demokratiske funksjonar. I organisasjonar kan for eksempel individ med like interesser kome saman og gjere interessene sine kjende, og organisasjonane kan fungere som talerøyr for interessene i samfunnet (Rokkan, 1987; Selle & Øymyr, 1995; Foley & Edwards, 1996; Rueschmeyer et al., 1998). Med tanke på innvandrarar handlar dette om i kva grad og korleis dei samlar seg og organiserer seg kring sine særinteresser, korleis dei kommuniserer med og relaterer seg til myndigheitene, og i kva grad og korleis dei er representerte i det frivillige organisasjonslivet meir generelt.

I tillegg kan ein også frå eit individperspektiv trekke fram ulike individuelle gode ved frivillig engasjement som kan vere til nytte for dei som deltek. Det kan handle om eigen nytte av tilgang til kunnskap, nytte av arbeidserfaring, og tilgang til nettverksressursar gjennom frivillig arbeid. For menneske utanfor arbeidslivet kan frivillig arbeid vere ein god måte å skaffe seg arbeidserfaring, kompetanse eller nettverk som kan vere til nytte på arbeidsmarknaden, på.

Frå tidlegare forsking veit me at nivået av organisasjonsaktivitet, frivillig arbeid, medlemskap og formelle verv i organisasjonar er lågare i innvandrarbefolkninga enn i befolkninga elles (Eimhjellen, Espegren & Nærland, 2021). Jo meir som blir kravd av engasjement, og jo meir formalisert engasjementet er, for eksempel i form av organisasjonsverv, jo lågare er deltakinga og representasjonen av innvandrarar. Nivået av deltaking varierer ein del med landbakgrunn, der særleg personar med bakgrunn frå Polen er underrepresenterte. Blant innvandrarar har særleg kvinner, lågt utdanna, eldre og dei som beherskar norsk dårleg, eit lågare sannsyn for å delta som frivillig. Forskinga peikar vidare på positive samanhengar mellom frivillig arbeid og andre former for sivilsamfunnsdeltaking blant innvandrarar i Noreg. I denne rapporten ønsker me å sjå på om frivillig

engasjement kan vere knytt til andre former for samfunnsnytte, som livskvaliteten til innbyggarane.

Når det kjem til helse og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg, er det som nemnt små forskjellar i subjektiv livskvalitet mellom innvandrarar og befolkninga elles (Barstad, 2018), men det er ein del fleire som er misfornøgde med eigen livskvalitet, blant innvandrarar enn i befolkninga elles. I livskvalitetsundersøkinga til Statistisk sentralbyrå (SSB) frå 2021 skårar innvandrarar signifikant dårlegare enn befolkninga elles på 6 av 12 livskvalitetsindikatorar (f.eks. oppleving av meistring, gjevande relasjonar og tilfredsheit med bustad og økonomi), men skåra høgare enn befolkninga elles på optimisme og tilfredsheit med fysisk helse (Støren & Rønning, 2021). Innvandrarar frå EU/EØS svarar meir likt befolkninga elles enn innvandrarar frå Asia og Afrika (Støren & Rønning, 2021). Desse dataa viser også at innvandrarar frå Midtausten og Sentral- og Sør-Asia i gjennomsnitt er litt mindre tilfredse med livet (Dalen & Larsson, 2022). Det er færre blant innvandrarar frå EU-land, Nord-Amerika, Oseania og Sør- og Mellom-Amerika som rapporterer om låg tilfredsheit, samanlikna med innvandrarar totalt og befolkninga elles. Faktorar som låg inntekt, dårlegare levekår, arbeidsløyse og det å vere einsleg er knytt til lågare livskvalitet (Dalen & Larsson, 2022). I mange studiar blir forskjellane mellom innvandrarar og befolkninga elles borte eller reduserte når ein kontrollerer for arbeidsmarknadstilknyting, økonomiske ressursar, diskriminering, manglande sosial støtte og nabolagsdeprivasjon (subjektiv oppleving av støy, forureining og tryggleik) (Støren & Rønning, 2021).

Når det gjeld helse, er i utgangspunktet innvandrarar totalt sett yngre og friskare enn befolkninga elles, med lågare dødelegheit og høgare forventa levealder. Men jo lengre tid innvandrarar har budd i Noreg, jo likare blir helseprofilen til innvandrarar og befolkninga elles. Flyktningar og eldre innvandrarar er spesielt utsette for dårleg helse, og innvandrarar har også eit høgare nivå av psykiske plager enn befolkninga elles. Her blir det peikt på at rasisme og opplevd diskriminering kan påverke psykisk helse (Spilker et al, 2023).

## Forventningar

Me analyserer data frå livskvalitetsundersøkinga for å svare på problemstillingane me ville studere, og basert på forskinga som allereie finst, kan me formulere desse forventningane til resultata:

*1. Er det ein samanheng mellom indikatorar for livskvalitet og frivillig arbeid blant innvandrarar i Noreg?*

Me forventar ein positiv samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar i Noreg. Ved å vere ein arena for sosial kontakt, der ein kan etablere relasjonar til andre menneske, kan frivillig arbeid ha ein positiv samanheng med livskvalitet blant innvandrarar.

*2. Er det forskjellar mellom innvandrarar og befolkninga elles når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid?*

Innvandrarar sett under eitt skil seg litt frå befolkninga elles i korleis dei vurderer den generelle livskvaliteten (Støren & Rønning, 2021), men dei har generelt eit mykje lågare nivå av frivillig arbeid enn befolkninga elles. Dette kan gjere at forskjellen i livskvalitet mellom frivillige og ikkje-frivillige blant innvandrarar er større enn tilsvarande forskjell i befolkninga elles.

*3. Er det forskjellar mellom ulike innvandrargrupper når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid?*

Hypotesen vår i den første problemstillinga ovanfor, om ein positiv samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar, vil kunne bli moderert av andre kjenneteikn ved innvandrarar. Samanhengen kan bli enten forsterka eller svekka.

Svært mange faktorar knytte til sosial integrering, arbeidsdeltaking, levekår, livskvalitet og frivillig engasjement heng saman med kor lenge ein har budd i landet ein har innvandra til. Kort butid i Noreg vil for eksempel vere knytt til mange teikn på låg sosial integrering, som manglande norsk språkkompetanse, lite sosialt nettverk i Noreg, mindre deltaking på arbeidsmarknaden, mindre politisk engasjement osb. Her kan ein tenke seg at innvandrarar med kort butid og som gjer frivillig arbeid, vil ha ekstra god nytte av å kunne etablere relasjonar og nettverk i organisasjonar. På denne måten kan samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet vere sterkare hos dei med kort butid i Noreg. Men sjølv om frivillig arbeid vil kunne vere til hjelp for å bygge sosiale relasjonar, vil mange av barrierane for sosial integrering som følger av kort butid, også hindre engasjement i frivillig arbeid. Dessutan er det sannsynleg at innvandrarar får meir igjen for sosiale relasjonar og andre positive sider ved frivillig arbeid jo meir integrerte dei er i det norske samfunnet. Me kan derfor tenke oss at samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet vil vere sterkare jo lengre tid ein har budd i Noreg.

Kva land ein har innvandra frå, kan også tenkast å påverke samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet. Jo nærare landet ein har innvandra frå, er Noreg, ikkje berre geografisk, men også sosialt og kulturelt, jo enklare vil det kunne vere å forstå språk og kultur og å etablere sosiale nettverk og integrere seg der ein bur. Dette vil også gjere det enklare å bli rekruttert til eller å engasjere seg i frivillig arbeid. Me vil derfor anta at jo kortare avstanden (geografisk, sosialt, kulturelt) er mellom Noreg og landet ein har innvandra frå, jo sterkare er samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet. Til dette argumentet kan me også knyte religionstilhøyrsle, som til ei viss grad er knytt til landbakgrunn. Jo likare religiøs tilknyting det er mellom innvandrarar og nordmenn, jo sterkare vil samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet vere.

Helse er tett knytt til både frivillig arbeid og livskvalitet. Dei som har betre helse, er i større grad frivillige (Fladmoe & Folkestad, 2017) og har betre livskvalitet (Støren & Rønning, 2021). Det er derfor rimeleg å anta at god helse vil gjere at samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet blir forsterka.

Når det kjem til sosial bakgrunn, som kan handle om kjenneteikn som kjønn, alder, sivilstatus, religionstilknyting og tal på barn, vil det vere mange ulike mekanismar i spel. Ein finn ikkje signifikante forskjellar i opplevd livskvalitet mellom menn og kvinner i innvandrarbefolkninga (Dalen & Larsson, 2022). Me har heller ikkje grunnlag for å forvente ulike utslag av frivillig arbeid på livskvaliteten til menn og kvinner, særleg når me berre har eit mål på frivillig arbeid generelt, og ikkje per organisasjonstype.

Betydninga av frivillig arbeid på livskvalitet kan derimot tenkast å variere etter alder og livsfase. Det viser seg for eksempel at det er fleire unge enn eldre blant innvandrarar som rapporterer om låg tilfredsheit med livet. Her kan det tenkast at frivillig arbeid i større grad kan utgjere ein forskjell for livskvaliteten til dei unge enn til dei eldre når det gjeld utvikling og vedlikehald av sosiale relasjonar – at ein positiv samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet vil vere sterkare i yngre enn eldre aldersgrupper.

Også for personar som ikkje er gifte eller har ein sambuar, kan frivillig arbeid vere ekstra viktig som buffer mot sosial isolasjon. Innvandrarar som er gifte eller har ein partnar, rapporterer for eksempel ein høgare livskvalitet enn enker/enkemenn, separerte/skilte og ugifte (Dalen & Larsson, 2022). Det kan her tenkast at samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er sterkare blant dei som er ikkje er gifte eller sambuande.

På same vis som for kjønn, har me ikkje grunnlag for å forvente at samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet skal vere ulik etter i kva grad ein er religiøs. Tidlegare forsking har for eksempel funne at det ikkje er ein samanheng mellom religiøs tilknyting og psykiske plager (Kjøllesdal et al, 2019).

Det å ha barn ser ikkje ut til spele ei stor rolle for livskvalitet generelt sett (Hansen, 2021), og me har heller ikkje grunnlag for å vurdere om dette vil vere annleis for innvandrarar, eller om det vil påverke samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet i den eine eller andre retninga. Det å ha barn er likevel ein pådrivar for frivillig arbeid i befolkninga generelt, relatert til frivillig innsats i samband med barn sin organiserte fritidsaktivitet.

Når det gjeld sosioøkonomiske forhold, er det tidlegare funne at personar med lågare utdanning og lågare inntekt jamt over rapporterer på ulike livskvalitetsmål at dei er mindre tilfredse enn dei med høgare utdanning og inntekt (Støren & Rønning, 2021). Me kan her tenke oss at dei med lågare utdanning blant innvandrarar vil ha større utbytte av dei fordelane som frivillig arbeid kan gje med omsyn til relasjonsbygging og opplevd livskvalitet, og

derfor at samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er sterkare for dei med låg utdanning.

Tidlegare forsking har antyda at frivillig arbeid kan ha ein særleg sterk samanheng med livskvalitet blant dei som er arbeidslause, fordi frivillig arbeid kan fungere som eit substitutt for betalt arbeid når det gjeld å etablere og halde ved like sosiale relasjonar (Fladmoe & Folkestad, 2017). Me kan derfor forvente at samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er sterkare i positiv retning for dei som står utanfor betalt arbeid.

# 2 Data, variablar og metode

Datagrunnlaget i denne rapporten er livskvalitetsundersøkinga som SSB har gjennomført i 2020, 2021 og 2022. Dei tre undersøkingane består av om lag 50 000 respondentar, kor om lag 6 000 er innvandrarar (sjå detaljert dokumentasjon i Pettersen & Støren, 2020; Pettersen & Engvik, 2022). I undersøkinga er det data om frivillig arbeid og tidsbruk på frivillig arbeid, og dessutan fleire mål på livskvalitet og relevante kontrollvariablar. Undersøkinga består altså av ei betydeleg mengde observasjonar og relevante variablar og gjev dermed gode vilkår for statistiske analysar av samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet.

Alle dei tre spørjeundersøkingane vart gjennomførte i mars-april det respektive året. Intervjua i 2020-undersøkinga vart gjorde både før og etter at landet vart stengt ned 12. mars 2020 på grunn av koronapandemien. Nedstenginga innebar at det vart innført tiltak for å avgrense fysisk sosial kontakt og aktivitetar. Desse inngrepa påverka både den frivillige innsatsen til innbyggarane og livskvaliteten deira. Under pandemien vart det registrert ein nedgang i andelen frivillige og omfanget av innsatsen til dei frivillige (Fladmoe & Arnesen, 2022), og ein nedgang i tilfredsheit med livet (Nes, Aarø, Vedaa & Nilsen, 2020; Bakkeli, 2021; Støren & Rønning, 2021). Me vil ta omsyn til pandemidimensjonen undervegs i analysen ved å undersøke om intervjudatoen påverkar samvariasjonen mellom frivillig innsats og livskvalitet. Sjølv om tidsdimensjonen i dataa gjer det mogleg å undersøke samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet på ulike tidspunkt, gjev ikkje dataa moglegheit til å følge dei same respondentane over tid.

## Mål på opplevd livskvalitet

I livskvalitetsundersøkinga er subjektiv livskvalitet målt ved hjelp av spørsmål som fangar opp ulike livskvalitetsdimensjonar: kor fornøgd ein er med livet for tida (kognitiv livskvalitet), i kva grad ein opplever at det ein gjer i livet, er meiningsfylt, om ein synest livet stort sett er innhaldsrikt og gjevande eller tomt og kjedeleg, kor nøgd ein trur ein vil vere med livet om fem år, om ein synest ein har støttande og gjevande sosiale relasjonar, og om ein meiner at ein bidrar aktivt til andre sin lykke og livskvalitet (eudaimonisk livskvalitet). Desse dimensjonane er målte på ein skala frå 0 til 10, der høgare verdiar indikerer betre livskvalitet. Livskvalitetsundersøkinga inneheld dessutan ein additiv livsmeistringsindeks som går frå 5 til 25, der høgare verdiar representerer betre livsmeistring (eudaimonisk livskvalitet), og ein skala som måler balansen mellom ulike positive og negative kjensler frå -10 til 10 (affektiv livskvalitet). Støren og Rønning (2021) gjev ei meir detaljert skildring av desse spørsmåla.

I analysen vår bruker me i all hovudsak eit indeksmål på kognitiv livskvalitet, som er målt med eit internasjonalt standard spørsmålsbatteri, «Satisfaction With

Life Scale» (Diener et al, 1985), som me vidare kallar for livskvalitetsindeksen. Indeksen inkluderer fem påstandar ein skal seie seg einig eller ueinig i:

- På dei fleste måtar er livet mitt slik eg ønsker at det skal vere.
- Livsvilkåra mine er svært gode.
- Eg er nøgd med livet mitt.
- Så langt har eg fått det viktigaste eg har ønskt meg i livet.
- Viss eg kunne levd livet på nytt, ville eg nesten ikkje endra på noko.

Respondentane svarar på ein skala frå 1 til 7, som representerer frå heilt ueinig til heilt einig. I tillegg er det mogleg å nekte å svare eller svare at ein ikkje veit. I litteraturen blir dei fem spørsmåla i spørsmålsbatteriet summerte slik at variasjonsbreidda er 5–35, og med følgande kategorisering (sjå for eksempel Pavot og Diener 2008, s. 141):

- 31–35 Ekstremt tilfreds
- 26–30 Tilfreds
- 21–25 Noko tilfreds
- 20 Nøytral
- 5–19 Noko utilfreds
- 10–14 Utilfreds
- 5–9 Ekstremt utilfreds

I analysane våre bruker me den same operasjonaliseringa av livskvalitetsindeksen.

Det rike settet med mål på livskvalitet gjer det mogleg å analysere samanhengen mellom frivillig arbeid og ulike sider ved livskvalitet. Samtidig aukar det høge talet på utfallsvariablar sannsynet for at ein identifiserer falske positive samanhengar, og det kompliserer framstillinga av resultata. Me har undersøkt korrelasjonen (standardisert korrelasjonskoeffisient) mellom dei ulike utfalla for å finne ut kva mål som måler meir eller mindre dei same fenomena. Korrelasjonskoeffisientane er presenterte i figur A1 i appendikset. Figur A1 viser at livskvalitetsindeksen korrelerer høgt med målet på kognitiv livskvalitet (Nøgd) og relativt høgt med to av måla på eudaimonisk livskvalitet (Meining og Optimisme) og med det eine målet på affektiv livskvalitet. Livskvalitetskalaen korrelerer derimot lågare med variabelen som måler sosiale relasjonar, og særleg dei tre (negative) måla på meistring (Meistr1, Meistr2, Meistr3).

For å forenkle framstillinga vil me hovudsakleg nytte livskvalitetsindeksen som utfallsvariabel i analysen, men me vil òg undersøke om samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er konsistent på tvers av dei ulike dimensjonane av livskvalitet.

## Mål på frivillig arbeid

For å måle frivillig arbeid stilte ein respondentane i livskvalitetsundersøkinga følgande spørsmål: Har du i løpet av dei siste tolv månadene utført noko frivillig arbeid for ein organisasjon, ein klubb eller ei foreining? Svaralternativa var ja og nei. Vidare vart dei spurde: Omtrent kor mange timar per veke/månad/år vil du seie at du har brukt på frivillig arbeid dei siste tolv månadene?

Med utgangpunkt i svara på det siste spørsmålet har me laga tre variablar som måler tid brukt på frivillig arbeid i månaden. For å lage dei tre variablane var det naudsynt å først standardisere svara som var  gjevne i timar per veke og per år, til timar per månad, og å kode til 0 timar for dei som svara at dei ikkje hadde gjort noko frivillig arbeid. Den første variabelen er ein kontinuerleg tidsvariabel med eit tak på 60 timar i månaden. Den andre variabelen deler tid brukt på frivillig arbeid i månaden opp i fire kategoriar: null, ein time eller mindre, mellom ein og fem timar, meir enn fem timar. Den tredje variabelen deler tid brukt på frivillig arbeid i månaden opp i tre kategoriar: null, korttidsfrivillig (mindre enn ti timar i månaden) og kjernefrivillig (meir enn ti timar i månaden). Dei to siste variablane er baserte på tidlegare forsking (Fladmoe, Eimhjellen, Sivesind & Arnesen, 2019; Folkestad, Christensen, Strømsnes & Selle, 2015).

## Innvandrarar, landbakgrunn og butid

I analysane våre treng me ein generell innvandrarvariabel for å lage eit innvandrarutval av livskvalitetsundersøkinga og til å samanlikne samanhengen mellom frivillig arbeid i innvandrarbefolkninga med befolkninga elles. For begge føremåla bruker me ein dummyvariabel som skil mellom innvandrarar og befolkninga elles, inkludert norskfødde med innvandrarforeldre.

Variabelen er basert på registerdata og er konstruert på bakgrunn av ein innvandringsvariabel (*invkat* i 2020-data, *invkatgrp* i 2021-data, *innvbak* i 2022-data) som består av seks kategoriar i 2020-dataene (A, B, C, E, F, G) og tre kategoriar i 2021- og 2022-dataene (innvandrar, norskfødd med innvandrarforeldre, befolkninga elles). I 2020-dataene har me koda respondentar med verdien B som *innvandrarar* og alle andre som *befolkninga elles*.

Tabell 1 syner at om lag 12 prosent av respondentane høyrer til innvandrar-kategorien. Dette utgjer 5895 respondentar over dei tre åra. Det er ti respondentar som har manglande verdiar på innvandrarvariabelen i 2020-dataa.

**Tabell 1. Fordelinga av innvandrarvariabelen over dei tre åra**

| | Innvandrarar | | Befolkninga elles | |
|---|---|---|---|---|
| **År** | N | % | N | % |
| 2020 | 2019 | 11,6 | 15388 | 88,4 |
| 2021 | 2075 | 11,9 | 15412 | 88,1 |
| 2022 | 1801 | 11,9 | 13347 | 88,1 |
| Totalt | 5895 | 11,8 | 44147 | 88,2 |

I tillegg til den generelle innvandringsvariabelen inkluderer analysen vår ein landbakgrunnsvariabel. Variabelen er basert på registerdata og skil mellom dei følgande fem kategoriane av landbakgrunn:

- Noreg
- EU/EØS
- Europeiske land utanom EU
- Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania utanom Australia og New Zealand
- USA, Canada, Australia og New Zealand

Om korleis landbakgrunnen til respondentane er identifisert skriv SSB (referert i Pettersen & Engvik, 2022, s. 14) at:

> «For personar som er fødde utanlands, er landbakgrunnen (med nokon få unntak) eige fødeland. For personar som er fødde i Noreg, er det foreldra sitt fødeland som gjeld. I dei tilfella der mor og far har ulike fødeland, er det mor sitt fødeland som gjeld. Dersom verken personen sjølv eller foreldra er fødde utanlands, blir landbakgrunnen henta frå dei første utanlandsfødde ein finn i rekkefølga mormor, morfar, farmor eller farfar» (vår omsetjing til nynorsk)

Tabell 2 syner korleis landbakgrunn fordeler seg avhengig av innvandrarvariabelen, og viser at innvandrarar i all hovudsak har bakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania utanom Australia og New Zealand og EU/EØS-land. I tillegg er om lag ni prosent av innvandrarane frå andre europeiske land, og om lag tre prosent er frå USA, Canada, Australia og New Zealand. Kategoriane i variabelen fungerer som ei grov inndeling av ulike vestlege og ikkje-vestlege landbakgrunnar og er viktig med tanke på å undersøke samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet i undergrupper med forskjellig språkleg og kulturell bakgrunn.

**Tabell 2. Fordeling av landbakgrunn**

| | Innvandrarar | | Befolkninga elles | |
|---|---|---|---|---|
| **Landbakgrunn** | N | % | N | % |
| Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania | 2250 | 38,2 | 948 | 2,1 |
| EU/EØS | 2938 | 49,8 | 2770 | 6,3 |
| Europeiske land utanom EU/EØS | 555 | 9,4 | 93 | 0,2 |
| Noreg | 0 | 0 | 39691 | 89,9 |
| USA, Canada, Australia og New Zealand | 152 | 2,6 | 645 | 1,5 |
| Totalt | 5895 | 100 | 44052 | 100 |

I 2022-dataene har me også ein variabel som måler innvandrarar si butid i Noreg. Av dei 1792 innvandrar-respondentane i 2022-runden har 405 budd i Noreg i 0–5 år, 363 i 6–10 år, 310 i 11–15 år og 723 i meir enn 15 år. Desse tala viser dermed at eit klart fleirtal av innvandrarane i 2022-undersøkinga har budd i Noreg i relativt lang tid.

## Kontrollvariablar

For at me skal kunne seie noko eintydig om betydninga av frivillig arbeid for livskvalitet, må analysen inkludere andre relevante kontrollvariablar som me veit påverkar både sannsynet for å delta i frivillig arbeid og livskvalitet. Livskvalitetsundersøkinga inneheld eit svært omfattande sett av kontrollvariablar, og me deler dei inn i tre hovudgrupper: sosial bakgrunn, sosioøkonomisk status og helse. Me presenterer dei tre gruppene av variablar suksessivt.

### Sosial bakgrunn

Med omsyn til sosial bakgrunn har tidlegare forsking vist at det er små kjønnsforskjellar i opplevd livskvalitet, men alder og sivilstatus har betydning for tilfredsheita med livet (Folkehelseinstituttet, 2021; Støren & Rønning, 2021). Dei unge og dei som lever åleine, oppgjev lågare livskvalitet enn eldre og dei som lever i eit samliv. Dette funnet er gjennomgåande både i Noreg og i andre land (Folkehelseinstituttet, 2021; Støren & Rønning, 2021).

I analysane våre inkluderer me fem variablar som måler sosial bakgrunn: kjønn, alder, sivilstatus, religion og tal på barn. Tabell 3 viser fordelinga av desse kategoriske variablane blant innvandrarar og befolkninga elles for dei tre spørjeundersøkingane samla. Fordelinga av kjønn er jamn på tvers av dei to befolkningsgruppene, medan aldersgruppevariabelen viser at innvandrargruppa består av ein høgare prosentdel yngre enn kva som er tilfelle i befolkninga elles. På ein kontinuerleg aldersvariabel er gjennomsnittet blant innvandrarar om lag 44 år, medan tilsvarande tal for befolkninga elles er om lag 50 år.

Vidare viser sivilstatusvariabelen at ein høgare prosentdel tilhøyrer kategorien gift / registrert partnar i innvandrargruppa enn i befolkninga elles, medan ein høgare prosentdel i befolkninga elles er sambuar eller verken i sambuar- eller

gift / registrert partnar-kategorien. Me antar at ein høg andel av dei som ikkje er i nokon av desse kategoriane, er einslege. Det er også verdt å merke seg at det er ei betydeleg mengde manglande verdiar på sivilstatus-variabelen, slik at når denne variabelen blir nytta, mister me mange observasjonar.

Religionsvariabelen viser at om lag 40 prosent i innvandrarbefolkninga svarar ja på dette spørsmålet: Vil du seie at du tilhøyrer eller føler deg knytt til ein bestemt religion? Det er om lag seks prosentpoeng høgare enn i befolkninga elles.

Variabelen tal på barn er ein kategorisk variabel som er koda med utgangspunkt i ein kontinuerleg variabel, og som består av tre kategoriar: ingen barn, 1–4 barn og meir enn 4 barn. Kategorien ingen barn er respondentar med manglande verdiar på den originale kontinuerlege variabelen. Sidan den originale variabelen ikkje inkluderte verdien 0, har me anteke at dette er personar utan barn. Variabelen viser at ein høgare prosentdel av innvandrargruppa ikkje har barn, medan ein høgare prosentdel av befolkninga elles har 1–4 barn.

**Tabell 3. Fordeling av sosial bakgrunn**

| | Innvandrarar | | Befolkninga elles | |
|---|---|---|---|---|
| **Kjønn** | N | % | N | % |
| Kvinne | 3034 | 51,5 | 22815 | 51,7 |
| Mann | 2861 | 48,5 | 21332 | 48,3 |
| Totalt | 5895 | 100 | 44147 | 100 |
| **Alder** | | | | |
| 16-24 | 379 | 6,4 | 4387 | 9,9 |
| 25-44 | 2999 | 50.9 | 12472 | 28,3 |
| 45-66 | 2065 | 35 | 18876 | 42,8 |
| 67-79 | 388 | 6,6 | 7240 | 16,4 |
| 80+ | 64 | 1,1 | 1172 | 2,7 |
| Totalt | 5895 | 100 | 44147 | 100 |
| **Sivilstatus** | | | | |
| Gift/registrert partnar | 3306 | 56,1 | 20660 | 46,8 |
| Sambuar | 923 | 15,7 | 9443 | 21,4 |
| Nei | 1295 | 21,9 | 11118 | 25,2 |
| NA | 371 | 6,3 | 2926 | 6,6 |
| Total | 5895 | 100 | 44147 | 100 |
| **Religion** | | | | |
| Ja | 2344 | 39,8 | 15380 | 34,9 |
| Nei | 3500 | 59,4 | 28549 | 64,8 |
| NA | 51 | 0,8 | 123 | 0,3 |
| Total | 5895 | 100 | 44147 | 100 |
| **Tal på barn** | | | | |
| Ingen barn | 2005 | 28 | 12363 | 34 |
| 1–4 barn | 3789 | 64,3 | 31199 | 70,7 |
| Meir enn 4 barn | 101 | 1,7 | 585 | 1,3 |
| Total | 5895 | 100 | 44147 | 100 |

## Sosioøkonomisk status

Livskvalitet er skeivfordelt, og dårleg livskvalitet heng saman med sosioøkonomiske variablar som mellom anna utdanningsnivå, økonomi og tilknyting til arbeidsmarknaden. Desse variablane har stor forklaringskraft i analysar av livskvalitet og deltaking i frivillig arbeid (Folkehelseinstituttet, 2021; Musick & Wilson, 2008). Dei som opplever dårleg livskvalitet, er kjenneteikna av å ha eit lågare utdanningsnivå enn befolkninga elles, og å ha lågare inntekt enn gjennomsnittet (Folkehelseinstituttet, 2021). Det same gjeld for dei som er arbeidsledige, eller som opplever ulike former for marginalisering. I analysen kontrollerer me for desse variablane som fangar opp sosioøkonomiske forhold: utdanningsnivå og sysselsetting.

Tabell 4 viser fordelinga av utdanningsnivå og tilknyting til arbeidsmarknaden. Me bruker ein kategorisk utdanningsvariabel som består av fire kategoriar: inga utdanning eller ikkje oppgjeve, grunnskuleutdanning, vidaregåande utdanning og universitets- og høgskuleutdanning. Denne variabelen er konstruert på bakgrunn av to utdanningsvariablar i datasettet, med ulik detaljgrad. I 2020-dataene består variabelen av dei fire kategoriane i tabell 4, medan variabelen i 2021- og 2022-dataene består av ni kategoriar som me har koda om slik at dei svarar til dei fire kategoriane i tabell 4.

Fordelinga av variabelen viser nokon tydelege forskjellar mellom innvandrargruppa og befolkninga elles. Om lag ni prosent av innvandrarane har inga utdanning eller har ikkje gjeve opp utdanning, medan tilsvarande tal for befolkninga elles er 0,1 prosent. I befolkninga elles er det ein markant høgare prosentdel i kategorien vidaregåande utdanning enn i innvandrargruppa, medan prosentdelen som har universitets- og høgskuleutdanning, er jamn på tvers av dei to gruppene. Det er ein markant forskjell i prosentdelen respondentar som ikkje har verdi på utdanningsvariabelen. I innvandrargruppa er om lag 11 prosent manglande verdiar, mot 0,8 prosent i befolkninga elles.

For dummyvariabelen sysselsett ser me at om lag 76 prosent av innvandrargruppa er sysselsett, medan tilsvarande tal i befolkninga elles er om lag 71 prosent. Samanliknar me med populasjonsdataa til SSB, ser me at det der er om lag 10 prosentpoeng fleire norskfødde som er sysselsette. Fordelinga på sysselsettvariabelen her tyder dermed på at det er godt integrerte innvandrarar som har svara på livskvalitetsundersøkinga.

**Tabell 4. Fordeling av utdanningsnivå og sysselsett**

| | Innvandrarar | | Befolkninga elles | |
|---|---|---|---|---|
| **Utdanning** | N | % | N | % |
| Inga utdanning eller ikkje oppgjeve | 547 | 9,3 | 50 | 0,1 |
| Grunnskuleutdanning | 898 | 15,2 | 8038 | 18,2 |
| Vidaregåande utdanning | 1255 | 21,3 | 16287 | 36,9 |
| Universitets- og høgskuleutdanning | 2541 | 43,2 | 19421 | 44 |
| NA | 654 | 11,1 | 351 | 0,8 |
| Total | 5895 | 100 | 44147 | 100 |
| **Sysselsett** | | | | |
| Ja | 4448 | 75,5 | 31238 | 70,8 |
| Nei | 1447 | 24,5 | 12909 | 29,2 |
| Total | 5895 | 100 | 44147 | 100 |

## Helse

Forskinga viser at god helse er svært viktig for personar sin opplevde livskvalitet (Støren & Rønning, 2021). Det er også her uklart kva som er retninga på denne samanhengen– dårleg helse kan føre til redusert livskvalitet, samtidig som låg livskvalitet kan gje auka uhelse (Folkehelseinstituttet, 2021).

Me inkluderer eit generelt helsemål i analysen vår, som er basert på den sjølvrapporterte helsa til respondenten (Korleis vurderer du helsa di alt i alt?) på ein bipolar fempunkts skala frå (1) svært god til (5) svært dårleg. I tabell 5 kan me sjå at medianverdien på helseskalaen er god helse (2) både i innvandrarbefolkninga og i befolkninga elles. Gjennomsnittet er om lag 2,2 i begge befolkningsgruppene, og standardavviket er om lag 0,9.

**Tabell 5. Deskriptiv statistikk for helse**

| | Innvandrarar | Befolkninga elles |
|---|---|---|
| **Helse** | | |
| Gjennomsnitt | 2,21 | 2,22 |
| Standard avvik | 0,91 | 0,91 |
| Median | 2 | 2 |
| Min | 1 | 1 |
| Max | 5 | 5 |
| NA | 23 | 6 |
| N | 5895 | 44147 |

## Metode

For å undersøke samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet i innvandrarbefolkninga (forskingsspørsmål 1) estimerer me forskjellen i livskvalitetsskår blant frivillige og ikkje-frivillige ved å ta i bruk ulike kvantitative teknikkar, hovudsakleg OLS-regresjonar.

Me estimerer samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet kontrollert for år, sosial bakgrunn, sosioøkonomisk status og helse. Den bivariate samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er sannsynlegvis større enn den reelle samanhengen, fordi personar med bestemte eigenskapar har høgare sannsyn for å delta i frivillig arbeid og har høgare livskvalitet enn personar som ikkje har desse eigenskapane. Ved å inkludere kontrollvariablar som måler sosial bakgrunn, sosioøkonomisk status og helse, kan me fjerne noko av forskjellen som er driven av seleksjon.

Derimot skal ein ha i mente at helsevariabelen kan vere både ein bakanforliggande variabel som påverkar både deltaking i frivillig arbeid og livskvalitet, og ein mekanisme som forklarer kvifor frivillig arbeid påverkar livskvalitet: Frivillig arbeid kan føre til betre helse som i sin tur kan gje betre livskvalitet. Ved å inkludere helsevariabelen (og andre mekanismar) i regresjonsmodellen risikerer ein dermed å «kaste barnet ut med badevatnet», ein kontrollerer vekk ein del av samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet som er driven av deltaking i frivillig arbeid (sjå for eksempel Bueno De Mesquita og Fowler, 2021, kapittel 10). Sidan tidlegare forsking ikkje kan påvise ein generell samanheng mellom frivillig arbeid og betre helse, meiner me likevel at det er riktig å kontrollere for helsevariabelen.

Me rapporterer derfor gjennomgåande resultat frå tre modellar som estimerer forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige:

- Modell 1 kontrollerer for år.
- Modell 2 kontrollerer for år, sosial bakgrunn og sosioøkonomisk status.
- Modell 3 kontrollerer for år, sosial bakgrunn, sosioøkonomisk status og helse.

Ved å estimere forskjellen mellom frivillig arbeid og livskvalitet stegvis med ulike sett med kontrollvariablar kan me seie noko om i kva grad forskjellen mellom livskvaliteten til frivillige og ikkje-frivillige er driven av seleksjon, og i kva grad forskjellen er driven av respondentane si opplevde helse samanlikna med sosial bakgrunn og sosioøkonomisk status.

Forskingsspørsmål 2 og 3 handlar om forskjellen i livskvalitet mellom frivillige og ikkje-frivillige i ulike undergrupper av befolkninga, og om i kva grad samanhengen artar seg ulikt mellom desse undergruppene. Me undersøker desse spørsmåla ved å beskrive gjennomsnittsnivå av livskvalitet i ulike undergrupper, og me bruker OLS-regresjonsmodellar med interaksjonsledd for å

signifikansteste forskjellen i forskjellen i samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet i dei ulike undergruppene.

Når det gjeld resultata av analysane, er med for det første opptekne av forventningane. Dette er retninga på samanhengen gjeve tidlegare funn. Når me snakkar om at samanhengen er «positiv» eller «negativ», er det i statistisk forstand, ikkje normativ. For det andre er me opptekne av styrken på samanhengen. Om ein samanheng er sterk eller svak, er både eit relativt og eit skjønsmessig spørsmål. I tolkinga vår baserer me oss på dei ustandardiserte regresjonskoeffisientane og grafisk presentasjon av sentrale funn. For det tredje er me opptekne av statistisk signifikans. Dette er kort fortalt eit spørsmål om statistisk generalisering og sannsynet for at samanhengen i utvalet også gjeld populasjonen som heilskap. Gitt det høge talet på respondentar i datamaterialet (som påverkar den statistiske signifikansen), vil tolkinga fokusere meir på praktisk heller enn på statistisk signifikans. Med praktisk signifikans meiner me om storleiken på koeffisientane er substansielt interessant.

Me er i utgangspunktet interesserte i om korrelasjonen mellom frivillig arbeid og livskvalitet kan generaliserast til (innvandrar)populasjonen, men me veit òg at (innvandrar)utvalet i livskvalitetsundersøkinga til SSB er skeivfordelt relativt til populasjonen. I 2020-undersøkinga har me ein vekt-variabel i dataa, som justerer for skeivheiter i utvalet i forhold til bruttoutvalet for variablane kjønn, alder og utdanning, og i 2022-undersøkinga har me ein vekt-variabel som justerer i forhold til populasjonen for variablane kjønn, alder, utdanning, inntekt, familiestorleik og innvandringsbakgrunn. I dataa våre er det ingen vekt-variabel for 2021-undersøkinga. For å vurdere om korrelasjonen mellom frivillig arbeid og livskvalitet kan generaliserast til populasjonen, rapporterer me vekta resultat for 2020 og 2022. Samtidig veit me at innvandrarutvalet er skeivfordelt på variablar som ikkje inngår i vektene òg, slik som tilknyting til arbeidsmarknaden. Tala i tabell 5 viser at sysselsette innvandrarar er overrepresenterte i undersøkinga i forhold til innvandrarpopulasjonen. Me lyt derfor vere forsiktige med tanke på å generalisere resultata.

# 3 Frivillig arbeid og livskvalitet

## Livskvaliteten til innvandrarar

Me byrjar med å beskrive innvandrarar sin opplevde livskvalitet og samanliknar desse tala med livskvaliteten i befolkninga elles. Figur 2 viser ei kompakt oppsummering av fordelinga av innvandrarar og befolkninga elles på dei ulike måla på livskvalitet. Den nedre delen av boksen viser den 25. persentilen, den svarte streken innanfor boksen viser til medianen (den 50. persentilen), det svarte kulepunktet viser til gjennomsnittsskåren, den øvre delen av boksen viser den 75. persentilen, linjene på kvar side viser høge og låge verdiar på variabelen, og dei ytste kulepunkta viser til verdiar som reknast som ekstremverdiar. Dei seks øvste panela presenterer variablar som alle er målte på ein ellevepunktsskala, og som derfor kan samanliknast. Dei tre nedste panela viser tre ulike indeksar, og som derfor ikkje kan samanliknast direkte.

Oppsummert viser resultata i figur 2 at dei fleste innvandrarar opplever relativt høg livskvalitet, og at innvandrarar sin opplevde livskvalitet er på omtrent same nivå som i befolkninga elles. Denne oppsummeringa gjeld for både kognitiv livskvalitet (livskvalitetsindeksen, nøgd med livet), eudaimonisk livskvalitet (gjevande liv; meiningsfylt liv; optimisme; meistring), sosiale relasjonar og affektiv livskvalitet. Alle måla på livskvalitet er skeivfordelte, der eit klart fleirtal av respondentane i begge befolkningsgruppene plasserer seg i øvre enden av dei ulike skalaene. For nokon av livskvalitetsmåla er det likevel ein høgare konsentrasjon av innvandrarar som opplever lågare livskvalitet enn befolkninga elles. Medianen er eitt poeng lågare i innvandrarbefolkninga når det gjeld sosiale relasjonar, affektiv livskvalitet, meistring og livskvalitetsindeksen.

**Figur 2. Ulike dimensjonar av livskvalitet blant innvandrarar og befolkninga elles**




* N gjevande liv = 34856 , N meiningsfylt liv = 49941, N nøgd med livet = 50012, N optimistisk = 49420, N sosiale bidrag = 49995, N sosiale relasjonar = 50001, N affektiv livskvalitet = 49948, N meistring = 15104, N livskvalitetsindeksen = 49937

# Kjenneteikn ved innvandrarar si deltaking i frivillig arbeid

For å gje eit godt grunnlag for å forstå samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er det nyttig å først beskrive kva som kjenneteiknar innvandrarar si deltaking i frivillig arbeid. Me veit ein del om frivillig arbeid i innvandrar-befolkninga frå tidlegare SSB-undersøkingar (Eimhjellen & Arnesen, 2018), men livskvalitetsundersøkinga til SSB frå åra 2020–2022 gjev oss moglegheit til å bidra med oppdaterte tal.

Figur 3 nedanfor syner prosentdelen blant innvandrarar og befolkninga elles som svarar at dei har utført frivillig arbeid dei siste tolv månadene i 2020, 2021 og 2022. Figuren syner at om lag tre av ti innvandrarar har gjort frivillig arbeid i

perioden frå april 2019 til mars 2020, medan tilsvarande tal for befolkninga elles er om lag fire av ti. I pandemiperioden minkar prosentdelen som har gjort frivillig arbeid, både blant innvandrarar og befolkninga elles, men differansen mellom dei to er framleis om lag ti prosentpoeng. Frå 2021 til 2022 stig prosentdelen noko i begge gruppene, men nivået på frivillig innsats er framleis lågare enn før pandemien. Desse tala stadfestar altså tidlegare funn av eit lågare nivå av frivillig arbeid blant innvandrarar enn i befolkninga elles. Ei årsak til at forskjellen er mindre i livskvalitetsundersøkinga enn i tidlegare undersøkingar, er at dataa i tidlegare undersøkingar berre omfatta innvandrarar frå land i Afrika, Asia og Aust-Europa, som deltek som frivillige i mindre grad enn innvandrarar frå for eksempel Europa, USA, eller Oseania (Eimhjellen & Arnesen, 2018). Dei vekta tala for 2020 er 30 for innvandrarar og 41 for befolkninga elles, medan tilsvarande tal for 2022 er 25 for innvandrarar og 35 for befolkninga elles.

**Figur 3. Prosentdel av innvandrarar og befolkninga elles som har delteke i frivillig arbeid i 2020, 2021 og 2022**




* N frivillig innvandrarar 2020 = 644, N ikkje-frivillig innvandrarar 2020 = 1371, N frivillig befolkninga elles 2020 = 6578 , N ikkje-frivillig befolkninga elles 2020 = 8790, N frivillig innvandrarar 2021 = 475, N ikkje-frivillig innvandrarar 2021 = 1592, N frivillig befolkninga elles 2021 = 5265 , N ikkje-frivillig befolkninga elles 2021 = 10107, N frivillig innvandrarar 2022 = 489, N ikkje-frivillig innvandrarar 2022 = 1292, N frivillig befolkninga elles 2022 = 4942 , N ikkje-frivillig befolkninga elles 2022 = 8345

I figur 4 viser me deltaking i frivillig arbeid blant innvandrarar med ulik landbakgrunn for dei tre åra samla. Tala viser at innvandrarar frå dei vestlege og engelskspråklege landa USA, Storbritannia, Australia og New Zealand deltek på omtrent same nivå som befolkninga elles. Konfidensintervalla til dette talet er vide og reflekterer at det berre er 152 innvandrarar frå desse landa i dataa. Vidare ser me at prosentdelen frivillige blant innvandrarar frå EU/EØS-området er 29, medan tilsvarande tal for innvandrarar frå ikkje-vestlege land er 25. Tala indikerer dermed at det er ein høgare andel av innvandrarar frå vestlege land som deltek i frivillig arbeid.

**Figur 4. Prosentdel innvandrarar med ulik landbakgrunn som har delteke i frivillig arbeid 2020–2022**




* N frivillig Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania = 556, N ikkje-frivillig Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania = 1680, N frivillig EU/EØS = 855, N ikkje-frivillig EU/EØS = 2068, N frivillig europeiske land utanom EU = 140, N ikkje-frivillig europeiske land utanom EU = 414, N frivillig USA, Canada, Australia og New Zealand = 57, N ikkje-frivillig USA, Canada, Australia og New Zealand = 93

I figur 5 viser me prosentdelen innvandrarar med ulik butid i Noreg som deltek i frivillig arbeid. Desse tala er frå 2022-undersøkinga og er vekta. Tala viser at deltaking i frivillig arbeid er likt fordelt blant innvandrarar med ei butid på 0–15 år, og at det er ein høgare prosentdel av dei innvandrarane som har budd i Noreg i meir enn 15 år, som deltek i frivillig arbeid.

**Figur 5. Prosentdel innvandrarar med ulik butid i Noreg som har delteke i frivillig arbeid i 2022**




* N frivillig 0–5 år = 96, N ikkje-frivillig 0–5 år = 304, N frivillig 6–10 år = 84, N ikkje-frivillig 6–10 år = 275, N frivillig 11–15 år = 79, N ikkje-frivillig 11–15 år = 225, N frivillig >15 år = 230, N ikkje-frivillig >15 år = 488

Frivillige innvandrarar bruker i gjennomsnitt omtrent like mykje tid på frivillig arbeid som frivillige i befolkninga elles. I 2020-undersøkinga svara innvandrarar at dei brukte omtrent 8,3 timar i snitt per månad på frivillig arbeid, medan tilsvarande tal for befolkninga elles er omtrent 9 timar. I 2021-undersøkinga svara både innvandrar og befolkninga elles at dei nytta omtrent 9,3 timar i snitt, medan tala for 2022-undersøkinga er 9,5 timar for innvandrarar

og 10 timar for befolkninga elles. Tabell 7 viser fordelinga av innvandrarar og befolkninga elles på dei to kategoriske variablane når me utelet dei som ikkje har gjort noko frivillig arbeid. Prosentfordelinga på begge variablane viser at eit stort fleirtal av frivillige i innvandrarbefolkninga og i befolkninga elles bruker meir enn ein time i månaden, og at aller flest i begge befolkningsgruppene bruker meir enn fem timar. Ser me på prosentdelen kjernefrivillige, dei som bruker mest tid på frivillig arbeid, er også innvandrarbefolkninga og befolkninga elles like.

**Tabell 7. Tid brukt på frivillig arbeid**

| | Innvandrarar | | Befolkninga elles | |
|---|---|---|---|---|
| **Tid brukt på frivillig arbeid** | N | % | N | % |
| Ein time eller mindre | 356 | 22,1 | 3133 | 18,7 |
| Mellom ein og fem timar | 542 | 33,7 | 6023 | 35,9 |
| Meir enn fem timar | 601 | 37,4 | 6849 | 40,8 |
| NA | 109 | 6,8 | 780 | 4,6 |
| Totalt | 1498 | 100 | 15983 | 100 |
| **Type frivillig** | | | | |
| Korttidsfrivillig | 1138 | 70,8 | 11973 | 71,3 |
| Kjernefrivillig | 361 | 22,5 | 4032 | 23 |
| NA | 109 | 6,8 | 780 | 4,6 |
| Totalt | 1608 | 100 | 15983 | 100 |

Summerer me opp, viser tala at om lag tre av ti innvandrarar har delteke i frivillig arbeid, og at desse bruker om lag ni timar på frivillig arbeid i månaden. Samanlikna med befolkninga elles er det om lag ti prosentpoeng færre i innvandrarbefolkninga som deltek i frivillig arbeid, men dei frivillige innvandrarane bruker omtrent like mykje tid på frivillig arbeid som frivillige i befolkninga elles. Deltaking i frivillig arbeid varierer i noka grad med landbakgrunn, der særleg dei få engelskspråklege innvandrarane frå vestlege land deltek i høgare grad enn innvandrarar frå ikkje-vestlege land.

## Samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet

Er det ein samanheng mellom frivillig arbeid og indikatorar for livskvalitet blant innvandrarar i Noreg? Me fortset med å undersøke samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarbefolkninga. Vår generelle forventning er at frivillig arbeid er positivt korrelert med livskvalitet. Venstre panelet i figur 6 viser gjennomsnittsskåren på livskvalitetsindeksen for frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar for dei tre åra slått saman. Høgre panelet i figur 6 viser forskjellen i gjennomsnittsskår på livskvalitetsindeksen mellom dei to gruppene, med tilhøyrande 95 % konfidensintervall. Forskjellen i gjennomsnittsskår øvst i figuren er estimert med ein OLS-regresjon som kontrollerer for tidsvariasjonen i livskvalitet. Forskjellen nedst i figuren er

estimert med ein OLS-regresjon som i tillegg til tidsvariasjonen kontrollerer for opplevd helse, sosial bakgrunn (kjønn, aldersgruppe, sivilstand, tal på barn, landbakgrunn, religion) og sosioøkonomisk status (utdanningsnivå og sysselsett) hos respondenten.

**Figur 6. Gjennomsnittleg livskvalitetsskår for innvandrarar som har høvesvis delteke og ikkje delteke i frivillig arbeid (venstre panelet), og forskjell i gjennomsnitt (høgre panelet)**




* N bivariat samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet = 5847, N kontrollmodell = 4882

Resultata i figur 6 støttar forventninga vår om ein positiv samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet. Innvandrarar som har delteke i frivillig arbeid, skårar noko høgare på livskvalitetsindeksen enn innvandrarar som ikkje har delteke i frivillig arbeid. Gjennomsnittsskåren blant innvandrarar som har delteke i frivillig arbeid er 25,7, medan tilsvarande tal for innvandrarar som ikkje har delteke i frivillig arbeid, er 24,2. Gjennomsnitta viser altså at innvandrarar som deltek i frivillig arbeid, plasserer seg i nedre enden av intervallet «tilfreds» på livskvalitetsindeksen, medan ikkje-frivillige innvandrarar plasserer seg i øvre enden av intervallet «noko tilfreds».

Nedst i figur 6 ser me at forskjellen i gjennomsnittsskår på livskvalitetsindeksen mellom frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar for alle tre åra samla er 1,5 poeng, og at denne forskjellen er statistisk signifikant forskjellig frå null. Teoretisk er det gode grunnar til å tru at denne forskjellen i alle fall delvis er driven av at personar med høg livskvalitet har større sannsyn for å delta i frivillig arbeid enn personar med lågare livskvalitet. Når me kontrollerer for helse, sosial bakgrunn og sosioøkonomisk status hos respondenten, blir forskjellen i livskvalitetsskår mellom frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar redusert til 0,8 poeng, men forskjellen er framleis statistisk signifikant. Det er i all hovudsak kontrollen av respondenten si vurdering av eiga helse som bidrar til å redusere forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige, medan kontrollvariablane som måler sosial bakgrunn og sosioøkonomisk status, speler mindre rolle for korrelasjonen mellom frivillig arbeid og livskvalitet.

Desse resultata indikerer altså at det er ein positiv samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet i innvandrarbefolkninga, sjølv når me kontrollerer for variablar som har stor påverknad på både deltaking i frivillig arbeid og livskvalitet. Det er òg viktig å vurdere kor substansielt viktig denne samanhengen er. Ein måte å vurdere om forskjellen er substansielt viktig, er å samanlikne han med andre faktorar som me veit påverkar livskvalitet. Samanlikna med betydninga av særleg helse, men òg sivilstatus, er betydninga av frivillig arbeid liten.[1] Derimot er forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige samanliknbar med forskjellen mellom innvandrarar som er høvesvis sysselsette og arbeidsledige.[2] Ein annan måte å vurdere storleiken på er å sjå forskjellen på 0,8 poeng i forhold til gjennomsnittet i innvandrarbefolkninga på 24,6 poeng. Forskjellen på 0,8 poeng representerer ein beskjeden auke på 3,3 prosent relativt til gjennomsnittet.

I kva grad den positive samanhengen kan generaliserast til populasjonen, er eit anna viktig spørsmål. Som nemnt i dataseksjonen har me befolkningsvekter for 2020 og 2022, men ikkje for 2021. Dei vekta gjennomsnitta for 2020 og 2022 viser om lag 0,2 poeng mindre forskjell mellom frivillige og ikkje-frivillige enn dei uvekta resultata i figur 6 (sjå seksjonen Resultat med vekter for 2020 og 2022 i appendikset).

## Frivillig arbeid og ulike dimensjonar av livskvalitet

Som me har diskutert tidlegare i rapporten, består opplevd livskvalitet av ulike dimensjonar: kognitiv livskvalitet, eudaimonisk livskvalitet og affektiv livskvalitet. Gjeve dei teoretiske argumenta våre om kvifor frivillig arbeid påverkar opplevd livskvalitet, som fokuserer særleg på sosiale relasjonar og meistring, er det mogleg at frivillig arbeid er viktigare for nokon dimensjonar av livskvalitet enn andre.

I figur 7 viser me samanhengen mellom frivillig arbeid og åtte ulike mål på livskvalitet, identifisert ved tittelen på panelet. Kognitiv livskvalitet er målt ved «nøgd med livet», eudaimonisk livskvalitet er målt ved «gjevande liv», «meiningsfylt liv», «optimistisk» og «meistring», sosiale sider ved livskvalitet er målte ved «sosiale relasjonar» og «sosiale bidrag» (i kva grad ein opplever å bidra til livskvaliteten til andre) og affektiv livskvalitet er målt på ein indeks som balanserer positive og negative følelsar den siste veka.

---

1 Desse samanlikningane er basert på resultata i regresjonstabell A1 i appendiks. For eksempel skårar innvandrarar med dårleg helse i gjennomsnitt 2.6 poeng høgare på livskvalitetssindeksen enn personar med svært dårleg helse, medan innvandrarar med god helse skårar om lag ni poeng høgare i gjennomsnitt enn personar med svært dårleg helse. Innvandrarar som er gift eller har registrert partnar skårar om lag tre poeng høgare i gjennomsnitt på livskvalitetsindeksen enn einslege.

2 Sjå modell 3 i regresjonstabell A1. Forskjellen mellom sysselsette og arbeidsledige innvandrarar er om lag eit poeng i modellen som kontrollerer for helse.

**Figur 7. Frivillig arbeid og ulike dimensjonar av livskvalitet**




* N nøgd med livet, bivariat = 5860, N nøgd med livet, kontroll = 4893, N gjevande liv, bivariat = 4071, N gjevande liv, kontroll = 3718, N meiningsfylt liv, bivariat = 5842, N meiningsfylt liv, kontroll = 4879, N optimistisk liv, bivariat = 5795, N optimistisk liv, kontroll = 4835, N sosiale bidrag, bivariat = 5853, N sosiale bidrag, kontroll = 4890, N sosiale relasjonar, bivariat = 5855, N sosiale relasjonar, kontroll = 4891, N affektiv livskvalitet, bivariat = 5833, N affektiv livskvalitet, kontroll = 4873, N meistring, bivariat = 1774, N meistring, kontroll = 1165

Resultata i figur 7 gjev innsikt i to samanhengar mellom frivillig arbeid og livskvalitet. For det første stadfestar resultata den positive og statistisk signifikante samanhengen mellom frivillig arbeid og opplevd livskvalitet for alle dei ulike dimensjonane av opplevd livskvalitet. For det andre bidrar frivillig arbeid til størst positiv auke i måla som fangar opp sosiale sider ved livskvalitet, relativt til måleskalaen. Forskjellen på 0,5 poeng mellom frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar i opplevinga av sosiale relasjonar og bidrag svarar til 4,5 prosent auke på ellevepunktskalaen, medan tilsvarande tal for dei andre måla er 1,8 prosent for nøgd med livet, meiningsfylt liv og optimistisk,

2,7 prosent for gjevande liv, 2,40.7 prosent for affektiv livskvalitet og 3,4 prosent for meistring.

## Frivillig arbeid og livskvalitet i pandemien

Som nemnt tidlegare i rapporten er dataa frå livskvalitetsundersøkinga samla inn i mars–april i 2020, 2021 og 2022. Datainnsamlinga dekker derfor eit tidsrom som var prega av koronapandemien. Det er gode grunnar til å anta at frivillig arbeid arta seg annleis på undersøkingstidspunktet i 2021 enn andre år, og at svara i 2021-undersøkinga er dei som i størst grad er påverka av pandemistenging og -tiltak. Dette er òg det året kor prosentdelen innvandrarar som svarar at dei har delteke i frivillig arbeid, er lågast.

Øvste delen av figur 8 viser gjennomsnittsskåren på livskvalitetsindeksen for frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar for 2020, 2021 og 2022. Nedste delen av figuren presenterer forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar i 2022 og 2020, samanlikna med forskjellen i 2021.

**Figur 8. Forskjell i samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet i innvandrarbefolkninga under pandemien**




* N frivillig 2020 = 644, N ikkje-frivillig 2020 = 1368, N frivillig 2021 = 474, N ikkje-frivillig 2021 = 1587, N frivillig 2022 = 489, N ikkje-frivillig 2022 = 1285. N interaksjonsmodell = 5847 , N interaksjonsmodell med kontrollvariablar = 4882

Resultata viser at den gjennomsnittlege livskvalitetsskåren blant frivillige innvandrarar er noko lågare i 2021 enn i 2020 og 2022, slik at forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar er noko meir markant i 2020 og 2022 enn i 2021. Forskjellen er 0,8 poeng høgare i både 2020 og 2022 enn han er i 2021, men konfidensintervalla til desse estimata, nedst i figur 8, viser at me ikkje kan utelukke at desse forskjellane er null. Når me inkluderer kontrollvariablar i interaksjonsmodellen, er forskjellen om lag 0,6 poeng for begge samanlikningane og ikkje statistisk signifikant.

## Forskjellar mellom innvandrarbefolkninga og befolkninga elles

Er samanhengen mellom frivillig arbeid og ikkje-frivillig arbeid i innvandrarbefolkninga forskjellig frå befolkninga elles?

Me bruker ein OLS-regresjon til å estimere om forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige i innvandrarbefolkninga er forskjellig frå forskjellen i befolkninga elles. I regresjonsmodellen er livskvalitetsindeksen avhengig variabel, og samspelet mellom innvandrarar og frivillig arbeid er uavhengig variabel. Me er interesserte i samspelskoeffisienten, som viser forskjellen i forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige i innvandrarbefolkninga og befolkninga elles. Resultatet viser me nedst i figur 9. Me rapporterer samspelet både med og utan kontrollvariablar. Øvst i figur 9 viser me gjennomsnittsskåren for frivillige og ikkje-frivillige i innvandrarbefolkninga og befolkninga elles.

**Figur 9. Forskjell i samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet mellom innvandrarbefolkninga og befolkninga elles**




* N interaksjonsmodell = 49790, N interaksjonsmodell med kontrollvariablar = 45529

Resultata viser at frivillige i befolkninga elles skårar i gjennomsnitt 26,8 poeng på livskvalitetsindeksen, og at ikkje-frivillige skårar 24,9 poeng. Forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige i befolkninga elles er altså 1,9 poeng, og denne forskjellen er statistisk signifikant. Til høgre i figuren ser me at forskjellen i livskvalitet mellom frivillige og ikkje-frivillige er omtrent lik i innvandrarbefolkninga som i befolkninga elles. Forskjellen på 1,5 poeng mellom frivillige og ikkje-frivillige i innvandrarbefolkninga er -0,4 poeng mindre enn forskjellen i befolkninga elles. Konfidensintervallet viser derimot at me ikkje kan utelukke at denne forskjellen er null. Kontrollert for helse, sosial bakgrunn og sosioøkonomisk status er det ingen forskjell (konfidensintervallet inneheld verdien null).

## Tid brukt på frivillig arbeid og livskvalitet

Er samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet påverka av kor mykje tid innvandrarar bruker på frivillig arbeid? Dersom deltaking i frivillig arbeid i seg sjølv har kvalitetar som aukar den opplevde livskvaliteten, kan me forvente at auka tidsbruk er assosiert med auka livskvalitet, i alle fall opp til eit visst nivå av tidsbruk. Alternativt kan det vere at frivilligheit krev ein viss regularitet for å

gje gevinst. Tidlegare i dette kapittelet viste me at dei frivillige i innvandrarbefolkninga brukte i gjennomsnitt om lag 9 timar på frivillig arbeid i månaden, og tidsbruken var relativt lik som blant frivillige i befolkninga elles. Desse tala tyder på at dei fleste frivillige i innvandrarbefolkninga deltek relativt hyppig i frivillig arbeid. Me såg òg at 24 prosent av dei frivillige innvandrarane var såkalla kjernefrivillige som bruker meir enn 10 timar på frivillig arbeid i månaden.

I det følgande undersøker me samanhengen mellom dei ulike variablane som måler høvesvis tid brukt på frivillig arbeid og livskvalitet. For dei to kategoriske variablane har me brukt OLS-regresjonar til å estimere forskjellen i snitt på livskvalitetsindeksen for alle tre åra samla. For den kontinuerlege tidsvariabelen viser me resultata frå ein modell som tillèt kurvelineære samanhengar mellom tidsbruk og livskvalitet.

**Figur 10. Samanhengen mellom tid brukt på frivillig arbeid per månad og livskvalitet blant innvandrarar**




* N tid brukt på frivillig arbeid = 5738, N tid brukt på frivillig arbeid, med kontroll = 4793

Resultata frå analysen av dei to kategoriske tidsvariablane gjev ingen tydelege indikasjonar på at auka bruk av tid på frivillig arbeid korrelerer med høgare livskvalitet. Samanlikna med frivillige innvandrarar som bruker under ein time på frivillig arbeid i månaden, skårar frivillige innvandrarar som bruker mellom ein og fem timar i månaden, i gjennomsnitt 0,5 poeng høgare på livskvalitetsindeksen. Det tilsvarande talet for dei frivillige innvandrarane som bruker meir enn fem timar, er 0,4. Ingen av dei to forskjellane er statistisk signifikant forskjellig frå null. Heller ikkje kjernefrivillige skårar signifikant høgare på livskvalitetsindeksen enn dei korttidsfrivillige. Innvandrarar som bruker null timar på frivillig arbeid, og som svarar til ikkje-frivillige i den tidlegare analysen, skårar signifikant lågare på livskvalitetsindeksen. Den negative forskjellen er meir markant samanlikna med kjernefrivillige enn med dei frivillige innvandrarane som bruker under ein time i månaden. Alle desse resultata er relativt like med og utan kontrollvariablar.

Resultata for den kontinuerlege variabelen i nedre delen av figur 4 viser at den predikerte skåren på livskvalitetsindeksen aukar frå om lag 24 for innvandrarar som ikkje har delteke i frivillig arbeid, til om lag 26 for innvandrarar som bruker 10 timar i månaden, og vidare opp til eit toppunkt på like under 27 for frivillige som bruker om lag 15 timar i månaden. Frå dette toppunktet flatar kurva ut med gradvis breiare konfindensintervall. I denne spesifikasjonen av samanhengen mellom tid brukt på frivillig arbeid og livskvalitet skårar frivillige innvandrarar som bruker om lag 7 timar og meir, signifikant høgare på livskvalitetsindeksen enn dei frivillige innvandrarane som bruker ein time eller mindre. Med andre ord, innvandrarar som ligg tett på gjennomsnittleg tidsbruk for frivillig arbeid i månaden og opp til om lag 22 timar, har noko høgare predikert livskvalitet enn dei innvandrarane som bruker minst tid på frivillig arbeid.

## Oppsummering

I dette kapittelet har me undersøkt om det er samanhengar mellom indikatorar for livskvalitet og frivillig arbeid blant innvandrarar i Noreg, dessutan om det er forskjellar mellom innvandrarar og befolkninga elles når det gjeld eventuelle samanhengar. Den empiriske analysen har vist at dei fleste innvandrarar opplever relativt høg livskvalitet, og at den opplevde livskvaliteten til innvandrarar er på omtrent same nivå som i befolkninga elles. For nokon av livskvalitetsmåla er det likevel ein høgare konsentrasjon av innvandrarar som opplever lågare livskvalitet, enn kva det er i befolkninga elles. Når det gjeld frivillig arbeid, syner analysen at om lag tre av ti innvandrarar har gjort frivillig arbeid i perioden frå april 2019 til mars 2020, medan tilsvarande tal for befolkninga elles er om lag fire av ti. Resultata indikerer også at det er ein høgare andel av innvandrarar frå vestlege land og av dei som har budd lengst i Noreg, som deltek i frivillig arbeid. Frivillige innvandrarar bruker omtrent like mykje tid på frivillig arbeid som frivillige i befolkninga elles.

Når det gjeld ein eventuell samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet, finn me ein positiv samanheng, og som er tilnærma lik blant innvandrarar og befolkninga elles. Innvandrarar som har delteke i frivillig arbeid, skårar noko høgare på livskvalitetsindeksen enn innvandrarar som ikkje har delteke i frivillig arbeid, men samanlikna med betydninga av særleg helse og sivilstatus for livskvalitet er betydninga av frivillig arbeid liten. Auka tidsbruk på frivillig arbeid er heller ikkje knytt til ein tydeleg auke i livskvalitet.

Hovudfunn:

- Det er ein positiv samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet som er tilnærma lik blant innvandrarar og i befolkninga elles.
- Samanlikna med betydninga av helse og sivilstatus er betydninga av frivillig arbeid for livskvalitet lita.
- Den opplevde livskvaliteten til innvandrarar i Noreg er relativt høg og omtrent på same nivå som i befolkninga elles.
- Blant innvandrarar generelt er det om lag 10 prosent færre som gjer frivillig arbeid, enn i befolkninga elles.
- Ein høgare andel av innvandrarane frå vestlege land og av dei som har budd lengst i Noreg, deltek i frivillig arbeid.
- Dei som er frivillige blant innvandrarar, bruker om lag like mykje tid på frivillig arbeid som befolkninga elles.

# 4 Frivillig arbeid og livskvalitet blant undergrupper av innvandrarar

Er det variasjon mellom ulike innvandrargrupper når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid? Så langt viser resultata at innvandrarar som deltek i frivillig arbeid, opplever noko høgare livskvalitet enn andre innvandrarar. Samtidig veit me at generelle analysar av innvandrarbefolkninga kan maskere viktige forskjellar mellom innvandrargrupper med ulike livsforhold. I dette analysekapittelet skal me derfor undersøke samanhengen mellom frivillig innsats og livskvalitet i ulike innvandrargrupper, med utgangpunkt i variablar som fangar opp sosial bakgrunn, sosioøkonomiske forhold og helse.

## Landbakgrunn og butid i Noreg

Me byrjar med å beskrive korrelasjonen mellom frivillig arbeid og livskvalitet for innvandrarar med ulik landbakgrunn og ulik butid i Noreg. Landbakgrunn er potensielt viktig fordi innvandrarar med ulik landbakgrunn deltek i ulik grad i frivillig arbeid og i ulike typar av frivillig arbeid. Forskjell i deltaking i frivillig arbeid og i ulike typar av frivillig arbeid heng saman med kor godt innvandrarar beherskar norsk, og kva slags kultur og tradisjon det er for frivillig arbeid i landet dei kjem frå. I kva grad deltaking i frivillig arbeid gjev gevinstar som fører til auka livskvalitet, kan for eksempel henge saman med kva språk som blir snakka i dei frivillige aktivitetane som innvandrarar tek del i, og om det gjeld deltaking i såkalla majoritets- eller minoritetsorganisasjonar. Som me var inne på i innleiingskapittelet, kan me forvente at jo nærare eit land er Noreg, geografisk, sosialt og kulturelt, jo sterkare vil samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet vere.

Butid heng òg saman med integrering og språk, og generelt vil me forvente at auka butid er knytt til ein sterkare positiv samanheng mellom deltaking i frivillig arbeid og livskvalitet. Det er likevel ikkje openbert at det er ein slik samanheng. Ei anna moglegheit er at deltaking i frivillig arbeid hos innvandrarar med kort butid i Noreg gjev ei sterkare oppleving av inkludering i nettverk og fellesskap, og av meistring eller utvikling med tanke på å lære seg språk.

I figur 11 viser me gjennomsnittleg skår på livskvalitetsindeksen, med tilhøyrande konfidensintervall, for innvandrarar med ulik landbakgrunn som har høvesvis delteke og ikkje delteke i frivillig arbeid, og for innvandrarar med ulik butid i Noreg (nedre delen av figuren).

**Figur 11. Frivillig arbeid og gjennomsnittleg livskvalitetsskår blant innvandrarar med ulik landbakgrunn (øvst) og butid i Noreg (nedst).**




* N frivillig Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania = 555, N ikkje-frivillig Asia, Afrika, Latin-Amerika, Oseania = 1671, N frivillig EU/EØS = 855, N ikkje-frivillig EU/EØS = 2062, N frivillig europeiske land utanom EU = 140, N ikkje-frivillig europeiske land utanom EU = 414, N frivillig USA, Canada, Australia og New Zealand = 57, N ikkje-frivillig USA, Canada, Australia og New Zealand = 93. N frivillig 0–5 år = 96, N ikkje-frivillig 0–5 år = 301, N frivillig 6–10 år = 84, N ikkje-frivillig 6–10 år = 274, N frivillig 11–15 år = 79, N ikkje-frivillig 11–15 år = 223, N frivillig >15 år = 230, N ikkje-frivillig >15 år = 487

Resultata i figur 11 gjev indikasjonar på at den positive samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er tydelegast blant innvandrarar frå EU/EØS-området, og støttar dermed forventninga vår om at nærleik til Noreg er av betydning. Blant innvandrarar frå EU/EØS-området har frivillige signifikant høgare livskvalitet enn dei ikkje-frivillige. For dei tre åra samla er forskjellen 2 poeng. For innvandrarar med annan landbakgrunn er resultata derimot mindre tydelege. Frivillige innvandrarar med landbakgrunn frå Asia, Afrika, Latin-Amerika og Oseania skårar om lag 0,8 poeng høgare på livskvalitetsindeksen enn dei som er ikkje-frivillige. Blant innvandrarar frå europeiske land utanom EU er den gjennomsnittlege forskjellen 1,7 poeng, og blant innvandrarar frå USA, Canada, Australia og New Zealand er forskjellen 0,8 poeng.

I appendikset (seksjon Landbakgrunn) viser me resultat frå interaksjonsmodellar som signifikanstestar om forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige varierer med landbakgrunn med og utan kontrollvariablar. Resultata viser ein tydelegare samanheng mellom frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar frå EU/EØS-land samanlikna med innvandrarar frå ikkje-vestlege land, og at denne forskjellen er statistisk signifikant når me inkluderer kontroll for helse. Derimot er ikkje forskjellen statistisk signifikant når me berre kontrollerer for sosial bakgrunn og sosioøkonomisk status.

Vidare ser me at samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet ser ut til å variere noko med innvandrarar si butid i Noreg òg. For innvandrarar som nyleg har busett seg i Noreg, ser ikkje frivillig arbeid ut til å gje seg utslag i større livskvalitet. Blant innvandrarar med ei butid på 6–10 år skårar frivillige i gjennomsnitt 1,2 poeng høgare enn ikkje-frivillige, men forskjellen er ikkje statistisk signifikant. For innvandrarar som har vore lenger i Noreg, er samanhengen meir markant. Blant innvandrarar med ei butid på 11–15 år skårar frivillige i snitt 2,6 poeng høgare på livkvalitetsskalaen enn ikkje-frivillige. Tilsvarande tal for innvandrarar som har budd i Noreg i meir enn 15 år, er 2,1. I begge desse gruppene er forskjellen statistisk signifikant. Derimot viser me i appendikset (seksjon Butid) at interaksjonen mellom frivillig arbeid og butid i Noreg ikkje er statistisk signifikant, og at han er nær null når me inkluderer kontrollvariablar. Resultata gjev dermed ikkje klar støtte til forventninga vår om at fordelane ved frivillig arbeid er sterkare for dei som har budd lenge i Noreg.

## Sosial bakgrunn

Nedanfor skal me sjå på samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar med ulik sosial bakgrunn.

Me byrjar med kjønn og alder. Figur 12 viser gjennomsnittleg skår på livskvalitetsindeksen for frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar fordelt på kjønn (øvst i figur 12) og aldersgruppe (nedst i figur 12) for dei tre åra samla.

**Figur 12. Frivillig arbeid og gjennomsnittleg livskvalitetsskår blant innvandrarar av ulikt kjønn (nedst) og ulik alder (øvst)**




* N frivillig kvinne = 801, N ikkje-frivillig kvinne = 2205, N frivillig mann = 806 , N ikkje-frivillig mann = 2035, N frivillig 16–24 år = 107 , N ikkje-frivillig 16–24 år = 265, N frivillig 25–44 år = 781, N ikkje-frivillig 25–44 år = 2198, N frivillig 45–66 år = 598, N ikkje-frivillig 45–66 år = 1451, N frivillig 67–79 år = 107, N ikkje-frivillig 67–79 år = 276, N frivillig 80+ år = 14, N ikkje-frivillig 80+ år = 50

Som forventa finn me ikkje ulike utslag av frivillig arbeid hos innvandrarmenn samanlikna med innvandrarkvinner. Gjennomsnitta i figur 12 viser at både innvandrarkvinner og innvandrarmenn som deltek i frivillig arbeid, skårar signifikant høgare på livskvalitetsindeksen enn innvandrarkvinner og -menn som ikkje deltek i frivillig arbeid. Den gjennomsnittlege forskjellen i livskvalitet mellom frivillige og ikkje-frivillige innvandrarkvinner er 1,4 poeng, og det tilsvarande talet for innvandrarmenn er 1,8.

Resultata for dei ulike aldersgruppene viser at frivillige innvandrarar skårar gjennomgåande noko høgare på livskvalitetsindeksen enn jamgamle innvandrarar som ikkje deltek i frivillig arbeid, med unntak av i den eldste aldersgruppa. I den yngste aldersgruppa, som inkluderer innvandrarar frå 16 til 24 år, er nivåforskjellen 1,7 poeng, men nivåa er ikkje statistisk signifikant forskjellige frå kvarandre. I aldersgruppa 25–44 år er nivåforskjellen 1,3 poeng og nivåa signifikant forskjellige frå kvarandre. Forskjellen i livskvalitet mellom frivillige og ikkje-frivillige er størst i aldersgruppa 45–66 år, der innvandrarar som deltek i frivillig arbeid, skårar i gjennomsnitt 2,1 poeng høgare på livskvalitetsindeksen. I aldersgruppa 67–79 år er nivåforskjellen 1,5 poeng, men nivåa er ikkje signifikant forskjellige frå kvarandre. I gruppa av innvandrarar som er over 80 år, skårar dei frivillige 0,4 poeng lågare på livskvalitetsindeksen enn dei ikkje-frivillige, men forskjellen er ikkje signifikant. Det lyt nemnast at det er svært få observasjonar i den eldste aldersgruppa. Tendensen i desse tala gjev ikkje støtte til forventninga vår om at betydninga av frivillig arbeid for livskvalitet ville vere sterkast blant dei unge. I appendikset (seksjon Alder) viser me at samspelet mellom frivillig arbeid og aldersgruppe ikkje er statistisk signifikant. Resultata våre indikerer dermed at forskjellen i livskvalitet mellom frivillige og ikkje-frivillige er lik på tvers av ulike aldersgrupper.

Figur 13 viser gjennomsnittleg skår på livskvalitetsindeksen for frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar fordelt på sivilstatus (øvst i figur 13) og tal på barn (nedst i figur 13). For begge variablane viser figuren gjennomsnittsskår for alle dei tre åra samla.

**Figur 13. Frivillig arbeid og gjennomsnittleg livskvalitetsskår blant innvandrarar med ulik sivilstatus (øvst) og ulikt tal på barn (nedst).**




* N frivillig ikkje gift / registrert partnar = 329, N ikkje-frivillig ikkje gift / registrert partnar = 954, N frivillig sambuande = 244, N ikkje-frivillig sambuande = 673, N frivillig gift / registrert partnar = 947, N ikkje-frivillig gift / registrert partnar = 2337, N frivillig ingen barn = 488 , N ikkje-frivillig ingen barn = 1500, N frivillig 1–4 barn = 1084, N ikkje-frivillig 1–4 barn = 2676 , N frivillig meir enn 4 barn = 35, N ikkje-frivillig meir enn 4 barn = 64

Resultata for sivilstatus viser at særleg innvandrarar som er gifte eller har registrert partnar, men òg sambuande innvandrarar, skårar høgare på livskvalitetsindeksen enn innvandrarar som ikkje har slik sivilstatus. Sivilstatus har liten innverknad på forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige blant innvandrarar, der dei frivillige gjennomgåande skårar høgare på livskvalitetsskalaen. Blant innvandrarar som ikkje er gift / registrert partnar eller sambuande, er forskjellen 1,3 poeng, blant sambuande er forskjellen 1,2 poeng, og blant dei som er gift eller har registrert partnar, er forskjellen 1,5 poeng. Me finn altså ikkje at frivillig arbeid har større betydning for livskvalitet blant dei som ikkje er gifte eller sambuande, slik tidlegare forsking kunne indikere (sjå òg resultata frå samspelet mellom frivillig arbeid og sivilstatus i seksjonen Sivilstatus i appendikset).

Vidare indikerer resultata at forskjellen mellom frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar er noko meir markant blant innvandrarar med barn enn blant innvandrarar som ikkje har barn. Blant innvandrarar med 1–4 barn er forskjellen 1,8 poeng, og blant innvandrarar med meir enn 4 barn er forskjellen 2,4 poeng, medan tilsvarande tal for innvandrarar utan barn, er 0,9 poeng. Nivåforskjellen blant innvandrarar med meir enn 4 barn er ikkje statistisk signifikant, men i denne gruppa er det òg få observasjonar. Når me testar forskjellane i samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar med og utan barn i ein samspelsmodell (sjå seksjonen Tal på barn i appendikset), finn me at forskjellane ikkje er statistisk signifikante.

Figur 14 viser gjennomsnittleg skår på livskvalitetsindeksen for frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar som føler seg knytte til ein bestemt religion, og for innvandrarar som ikkje gjer det.

**Figur 14. Frivillig arbeid og gjennomsnittleg livskvalitetsskår blant innvandrarar som føler seg knytte til ein bestemt religion (Ja), og innvandrarar som ikkje gjer det (Nei).**




* N frivillig ja = 782, N ikkje-frivillig ja = 1556, N frivillig nei = 2665, N ikkje-frivillig nei = 815

Både religiøse og ikkje-religiøse innvandrarar som har delteke i frivillig arbeid, skårar i gjennomsnitt noko høgare på livskvalitetsindeksen enn ikkje-frivillige. Blant religiøse innvandrarar er forskjellen 1,6 poeng, og blant ikkje-religiøse innvandrarar er forskjellen 1,5 poeng.

## Sosioøkonomisk status

Nedanfor skal me sjå på samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar med ulik sosioøkonomisk status.

Me byrjar med utdanning og tilknyting til arbeidsmarknaden. Figur 15 viser gjennomsnittleg skår på livskvalitetsindeksen for frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar fordelt på utdanningsnivå (øvst i figur 15) og tilknyting til arbeidsmarknaden (nedst i figur 15).

**Figur 15. Frivillig arbeid og gjennomsnittleg livskvalitetsskår blant innvandrarar fordelt på utdanningsnivå (øvst) og tilknyting til arbeidsmarknaden (nedst).**




* N frivillig inga = 116, N ikkje-frivillig inga = 426, N frivillig grunnskule = 199, N ikkje-frivillig grunnskule = 686, N frivillig vidaregåande = 307, N ikkje-frivillig vidaregåande = 937, N frivillig universitet og høgskule = 812, N ikkje-frivillig universitet og høgskule = 1713, N frivillig ja = 1288, N ikkje-frivillig ja = 3132, N frivillig nei = 319, N ikkje-frivillig nei = 1108.

Resultata viser at blant innvandrarar utan utdanning eller som ikkje har gjeve opp utdanning, er det ingen forskjell i livskvalitet blant dei frivillige og dei ikkje-frivillige. For dei resterande utdanningsnivåa er det forskjell i livskvalitet mellom innvandrarar som deltek i frivillig arbeid, og dei som ikkje gjer det. Den største forskjellen finn me blant innvandrarar med vidaregåande utdanning, der dei frivillige skårar 2,4 poeng høgare enn innvandrarar som ikkje deltek i frivillig arbeid. I appendikset (seksjon Utdanning) viser me at forskjellen i livskvalitet mellom frivillige og ikkje-frivillige er signifikant større blant innvandrarar med grunnskuleutdanning og vidaregåande utdanning enn blant innvandrarar utan utdanning eller som ikkje har gjeve opp utdanning. Desse resultat går delvis mot forventninga vår om at frivillig arbeid ville ha større betydning for livskvalitet blant dei med lågast eller inga utdanning.

Vidare ser me at sysselsette innvandrarar skårar noko høgare på livskvalitetsindeksen enn arbeidslause innvandrarar, og at både sysselsette og arbeidslause frivillige skårar høgare på livskvalitetsindeksen enn dei som ikkje deltek i frivillig arbeid. Me finn altså ikkje at frivillig arbeid har større betydning for arbeidslause enn for sysselsette når det gjeld livskvalitet. Resultata viser samtidig at arbeidslause innvandrarar som deltek i frivillig arbeid, skårar omtrent like høgt på livskvalitetsindeksen som sysselsette innvandrarar som ikkje deltek i frivillig arbeid. Dette kan tyde på at frivillig arbeid kan ha ein liknande funksjon som betalt arbeid når det gjeld integrering, relasjonsbygging og livskvalitet.

## Helse

Til slutt skal me sjå på samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet fordelt på ulike nivå av opplevd helse. Figur 16 viser gjennomsnittleg skår på livskvalitetsindeksen for frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar for ulike nivå av opplevd helse for dei tre åra samla.

**Figur 16. Frivillig arbeid og gjennomsnittleg livskvalitetsskår blant innvandrarar gjeve ulike nivå av opplevd helse.**




* N frivillig svært dårleg = 20, N ikkje-frivillig svært dårleg = 86, N frivillig dårleg = 95, N ikkje-frivillig dårleg = 375, N frivillig verken god eller dårleg = 246, N ikkje-frivillig verken god eller dårleg = 878, N frivillig god = 882, N ikkje-frivillig god = 2124, N frivillig svært god = 364, N ikkje-frivillig svært god = 776.

Gjennomsnitta i figur 16 viser at det er ein sterk samanheng mellom helse og livskvalitet blant innvandrarar. Blant innvandrarar som sjølv vurderer helsa si som svært dårleg, er den subjektive opplevinga av livskvalitet i den lågare enden av «noko utilfreds». I denne gruppa skårar frivillige i gjennomsnitt eitt poeng lågare enn ikkje-frivillige, men forskjellen er ikkje statistisk signifikant. Det er viktig å nemne at det er svært få observasjonar i denne gruppa. Frå kategorien «dårleg» helse til «svært god» helse aukar den subjektive opplevinga av livskvalitet nærast i ei rett linje, og dei frivillige skårar omtrent eitt poeng høgare enn dei ikkje-frivillige for dei ulike gradene av opplevd helse. Som forventa tyder resultata her på at helse er tett knytt til livskvalitet, men med unntak av innvandrarar med svært dårleg helse gjev ikkje resultata nokon indikasjon på at forskjellen i livskvalitet mellom frivillige og ikkje-frivillige innvandrarar avheng av helsenivået.

## Oppsummering

I dette kapittelet har me undersøkt om samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid varierer mellom ulike innvandrargrupper. Resultata gjev indikasjonar på at samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er større i nokon undergrupper enn i andre, men hovudkonklusjonen er likevel at den positive samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet er relativt lik på tvers av

ulike sosiale, sosioøkonomiske og helsemessige karakteristikkar i innvandrar-befolkninga.

Der me ser ein større samanheng, handlar det om landbakgrunn og utdanning. Resultata viser at det er forskjell i samanhengen mellom frivillig arbeid og livskvalitet blant innvandrarar med ulik landbakgrunn. For innvandrarar frå EU/EØS-området har frivillige signifikant høgare livskvalitet enn dei ikkje-frivillige, men for innvandrarar med anna landbakgrunn er resultata mindre tydelege. For ulike nivå av utdanning finn me at frivillige har noko høgare livskvalitet enn ikkje-frivillige blant innvandrarar som har grunnskule, vidaregåande eller høgare utdanning, men me finn inga forskjell blant frivillige og ikkje-frivillige som har inga utdanning. Forskjellen i livskvalitet blant frivillige og ikkje-frivillige er størst for innvandrarar med grunnskule og vidaregåande skule som høgaste utdanning.

# 5 Oppsummering og diskusjon

Føremålet i denne rapporten har vore å undersøke forholdet mellom deltaking i frivillig arbeid og livskvalitet. Analysen har teke utgangspunkt i tre forskingsspørsmål: 1) Er det ein samanheng mellom indikatorar for livskvalitet og frivillig arbeid blant innvandrarar i Noreg? 2) Er det variasjon mellom ulike innvandrargrupper når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid? 3) Er det forskjellar mellom innvandrarar og befolkninga elles når det gjeld samanhengen mellom livskvalitet og frivillig arbeid? Tre rundar av livskvalitetsundersøkinga til SSB (2020, 2021 og 2022) er nytta som datagrunnlag. Datagrunnlaget og analysemetodane som er brukte, har me diskutert i kapittel 2.

I kapittel 3 har me undersøkt samanhengar mellom indikatorar for livskvalitet og frivillig arbeid blant innvandrarar i Noreg, dessutan om det er forskjellar mellom innvandrarar og befolkninga elles når det gjeld eventuelle samanhengar. Den empiriske analysen viste at dei fleste innvandrarar opplever relativt høg livskvalitet, og at den opplevde livskvaliteten til innvandrarar er på omtrent same nivå som i befolkninga elles. For nokon av livskvalitetsmåla er det likevel ein høgare konsentrasjon av innvandrarar som opplever lågare livskvalitet, enn kva det er i befolkninga elles. Når det gjeld frivillig arbeid, syner analysen at om lag tre av ti innvandrarar har gjort frivillig arbeid i perioden frå april 2019 til mars 2020, medan tilsvarande tal for befolkninga elles er om lag fire av ti. Resultata indikerer også at dei innvandrargruppene der flest deltek i frivillig arbeid, er innvandrarar frå vestlege land og dei med lengst butid i Noreg. Frivillige innvandrarar bruker omtrent like mykje tid på frivillig arbeid som frivillige i befolkninga elles.

